

Årsmelding 2020

Stryn

Innhald

Kommunedirektøren si innleiing og oppsummering	5
Kommunen som organisasjon	7
Tilsette i Stryn kommune	8
Internkontroll, kvalitetssikring og likestilling	10
Sjukefråvær	15
Koronapandemien 2020	16
Folketalsutvikling 4. Kvartal 2020	18
År	18
Folketalsutvikling aldersfordelt	18
Sysselsetting i kommunen	19
Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering	21
Økonomisk status og måloppnåing	24
Status økonomiske mål	24
KOSTRA hovudtal	30
Kommunen sine tenesteområder	31
Sentraladministrasjon	31
Tenesteområdebeskriving	31
Utvikling og utfordringar	33
Viktige hendingar	35
Status økonomi	37
Kommentar til status økonomi	37
KOSTRA Nøkkeltal	39
Status økonomiplantiltak	40
Sjukefråvær	40
Skule og kultur	41
Tenesteområdebeskriving	41
Utvikling og utfordringar	43
Viktige hendingar	45
Status økonomi	45
Kommentar til status økonomi	45
Sjukefråvær	49
Helse og sosial	51
Tenesteområdebeskriving	51

Utvikling og utfordringer	51
Viktige hendinger	53
Status økonomi.....	56
Kommentar til status økonomi	56
KOSTRA Nøkkeltal.....	58
Status økonomiplantiltak	59
Sjukefråvær	60
Teknisk.....	61
Tenesteområdebeskriving.....	61
Utvikling og utfordringer	62
Viktige hendinger	63
Status økonomi.....	64
Kommentar til status økonomi	64
Oppsummering tiltak.....	65
KOSTRA Nøkkeltal.....	65
Status økonomiplantiltak	66
Sjukefråvær	66
Status investeringsprosjekt	67
Investeringar Sentraladministrasjonen	67
Investeringar Teknisk	68
Årsrekneskap	70
§5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)	70
§5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)	73
§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)	74
1. Investeringer i varige driftsmidler	77
Del 2 Tilskudd til andres investeringer	77
Del 3 Investeringer i aksjer og andeler.....	78
Del 4 Utlån.....	78
§5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3).....	79
Note 1 Endring i arbeidskapital	82
Note 2 Pensjon	83
Note 3 Kommunens garantiansvar.....	88
Note 4 Krav og gjeld til kommunale føretak, verksemder og samarbeid	89
Note 5 Aksjar og andelar i varig eige.....	90
Note 6 Avsetning og bruk av fond.....	91

Note 7 Kapitalkonto	92
Note 8 Salg av finansielle anleggsmidler	93
Note 9 Interkommunalt samarbeid	94
Note 10 Spesifikasjon av vesentlige postar i rekneskapet	95
Note 11 Vesentlege transaksjonar	96
Note 12 Anleggsmiddel	97
Note 13 Investeringoversikt	98
Note 14 Marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel	101
Note 15 Obligasjonar som vert haldne til forfall	102
Note 16 Langsiktig gjeld og avdrag	103
Note 17 Tidligare endringar i rekneskapsprinsipp belasta likviditetsreserve	105
Note 18 Udekkja i investeringsrekneskapet	106
Note 19 Vesentlege plikter	107
Note 20 Sjølvkostområde	110
Note 22 Betinga tilhøve og hendingar etter balansedagen	115
Note 23 Samla ekstern gjeldsforplikting	116
Note 24 Endring i Rekneskapsprinsipp i året	117
Note 25 Utgiftsført estimert tap på krav	118

Kommunedirektøren si innleiing og oppsummering

2020 har vore annleisåret - nedstenging, auka utgifter, tapte inntekter, koronatilskot, frykt og ekstra arbeidsbelastning. Krav til avstand, handhygiene og kjenne etter symptom - til liks med alle andre.

2020 har også vore året der vi har vist nøkternheit, kreativitet, ansvarskjensle, lojalitet og stor arbeidsinnsats.

Vi er stolte av å kunne seie at vi har handtert alle utfordringar på ein så god måte som muleg. Tilsette og innbyggjarar har lojalt stilt opp når det har vore behov for det.

Takk!

Vi har også hatt god hjelp gjennom nasjonale hjelpepakkar og nasjonale føringar for gode smitteverntiltak.

Årsmeldinga 2020 er historia om ressursbruken og tenestetilbodet i Stryn kommune i 2020. Vi ønskjer gjennom den, å gje eit bilete av kommunen sine aktivitets- og tenestetilbod i året som var.

Vi nyttar analyseverktøyet Framsikt, slik at informasjonen blir meir tilgjengeleg både for politikarar, tilsette, innbyggjarar og andre interesserte. Dette er viktig for å gjere kommunen så open og transparent som muleg. Internt i organisasjonen er verktøyet viktig for å få til best muleg samhandling og samarbeid i tenestetilbodet.

Økonomi:

Årsrekneskapen for Stryn kommune i 2020 viser eit netto driftsresultat på kr. 3.9 millionar, dvs driftsresultat på 0,6%. Dette er mindre enn målet vårt på 1,75 %, men ei forbetring frå i fjor som var på - 2,9 %.

Økonomisk handlingsrom er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilboda til innbyggjarane i kommunen.

Rekneskapen er prega av den ekstraordinære situasjonen vi har vore gjennom med pandemi. Det er større avvik mellom budsjett og rekneskap enn det vi har sett tidlegare. Utgifter knytt til handtering av pandemien innan helse har vore uforutsigbar, inntektstap innafor barnehage, kultur og symjehall/idrettshall likeså. Dette har i det all vesentlege blitt kompensert frå sentralt hald, men er ikkje ført ut på einingane.

Dei fleste avvika kan forklarast, men Stryn kommune står i ein krevjande økonomisk situasjon. Stryn kommune har tidlegare hatt veksande folketal. Dette har no snudd, og folketalet går ned. Dette fører til lågare inntekter, og vi må tilpasse driftsnivået for å vere økonomisk berekraftig.

Organisasjon:

Stryn kommune har svært kompetente medarbeidarar på alle nivå og innanfor alle tenester. Det er naturleg også å framheve alle lærlingar og nyutdanna som bidreg til fornying av organisasjonen. Kommune som organisasjon er i kontinuerleg endring og tilpassing. Det er alltid forbetningspotensiale i ein organisasjon. Organisasjons- og leiarutvikling er ein kontinuerleg prosess som kommunen prioriterer høgt, også framover. Openheit og tillit er avgjerande for kommunen, både internt og eksternt ut mot

Årsmelding 2020

innbyggjarar og brukarar av teneste. I dette arbeidet, i likheit med utvikling av tenestene, står samarbeidet med tillitsvalde og verneteneste sentralt.

Framdrifta av arbeid med organisasjons- og leiarutvikling vart ikkje heilt som planlagt i 2020 grunna endring i sentrale stillingar i administrasjonen. Vi har likevel fått utretta mykje som gjer det naturleg og enklare å vidareføre gode tiltak .


Digitaliseringsutviklinga gjorde eit kvantesprang i 2020, også i vår organisasjon. Situasjonen rundt Covid 19 gjorde dette nødvendig. Stengde skular og utstrakt bruk av heimekontor sette oss på prøve. Det er gjerne slik ei utvikling skjer. Vi viste evne til rask omstilling, og nye verktøy og system vart tatt i bruk umiddelbart. Erfaringar frå denne perioden gjer nok at vi for alltid har funne nye og andre måtar å arbeide på. Dette gjev også grunn til optimisme på dei større områda, med innføring av velferdsteknologi i helse og omsorg, oppfølging av læreplanar i skulen og endring av budsjettprosessar ved bruk av Framsikt, for å nemne noko. Organisasjonen har blitt trena å arbeide på nye og meir effektive måtar.

Stryn kommune, med alle kompetente medarbeidarar og leiarar, leverte i 2020 gode tenester til kommunen sine innbyggjarar og brukarar. Tusen takk for innsatsen alle saman.

Konstituert kommunedirektør vil også takke dei folkevalde og særleg ordførar, for godt samarbeid.

Kommunen som organisasjon

Tilsette i Stryn kommune



Årsmelding 2020

Stryn kommune hadde per 31.12.2020: 771 fast tilsette, fordelt på 612,5 årsverk, med følgjande fordeling:

	2020	
	Årsverk	Tilsette
Sentraladm	57	71
S/K etaten	265	315
HS	265	373
Teknisk	25	26
Total	612	771

Det er like mange årsverk i sektorane Helse og sosial og Skule og kultur, men 58 fleire tilsette i helse. Dette indikerer høg grad av deltidstilsette i helsesektoren.

Merknader.

I tillegg kjem 12 lærlingar i Helsefag og 2 lærlingar i Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Legar og fysioterapeutar med driftsavtale kjem i tillegg. Det same gjeld oppdragstakarar som støttekontakt, besøksheimar, fosterheimar. Personar som mottek omsorgsløn er heller ikkje rekna med.

Internkontroll, kvalitetssikring og likestilling

Stryn kommune har etablert føresegner, prosedyrar og rutinar for å følgje opp internkontroll og dermed tryggleik og ein høg etisk standard. Kommunen har utarbeida etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Stryn kommune.

Eit viktig prinsipp i kommunen er at mange av prosessane skal slusast gjennom og kvalitetssikrast på sentralt nivå. Målet er å sikre mest mogleg lik og rettmessig behandling av tilsette innan tilsettingar, avgongar (skriftlege oppseiingar), handtering av permisjonar, lønsrelaterte tilhøve osv.

Ei viktig årsak til at ein samordna HR-ressursane som tidlegare var spreidde mellom sektorane, var at ein skulle sikre lik tilnærming i alle saker for alle tilsette uavhengig av kvar ein arbeider. Gjennom opplæring av leiarane skal dei fleste avgjerslene takast på lågare og rett nivå, men der HR-avdelinga har ei rolle som kvalitetssikrar. I andre prosessar, som td tilsettingar, er det sentralt nivå som saksbehandlar heile den administrative prosessen. Samarbeidet mellom dei ulike nivåa er såleis avgjerande for god kvalitet.

Gjennom ei sentralisering av prosessane sikrar ein ei så langt som mogleg lik forståing og tolking av regelverk og interne føringar.

HR-avdelinga leiar eit arbeid med å gå gjennom alle prosedyrane som ligg i Compilo. Det er ei erkjenning at prosedyrar stadig må tilpassast endringar i krav og situasjon, noko pandemien er eit godt døme på. Å ha relevante og oppdaterte prosedyrar er ein føresetnad for at dei skal bli fylgt i praksis. I Compilo ligg også avvikssystemet som tilsette skal nytte ved uventa/uønska hendingar. Ein konsekvens av å ha system for avviksregistrering er at systemet regulerer åtferd enten det er nødvendig eller ikkje.

I løpet av dei 6 fyrste månadene skal nyttilsette ha fleire pålagde samtalar med leiar. Eit av føremåla med samtalanene er nettopp at leiar skal ta opp tema ein opplever som utfordrande. Dette kan vere måte å behandle brukarar på, årvåkenheit i arbeidet, haldningar mm. Målet er alltid at tilsette som ikkje held den standarden ein er avhengige av for å skjytte samfunnsoppdraget ein kommune har, skal tilpasse seg kommunen og lovverket sin standard om dei skal kunne arbeide i kommunen.

Alle nyttilsette som arbeider innan utvalde område, må og levere inn politiattest før dei får starte i arbeidet.

Utover dette er kommunen oppteken av transparente prosessar der tilsette skal vere opne om styreverv og andre tilhøve som kan tenkjast å sette habiliteten i fare i høve objektiv saksgong.

Også teieplikta er avgjerande i kommunen, der mykje av arbeidet består i å handtere menneske i sårbare situasjonar. Temaet har høgt fokus på den einskilde arbeidsplassen og den etiske standarden synes høg også på dette punktet.

Utover dette syner ein her til kommunen sine etiske retningslinjer.

Diskriminering

I Stryn kommune skal tilsette så langt som mogleg oppleve tryggleik i arbeidet, men og i prosessane dei inngår i. Sjølv om tilsette tidvis vil vere ueinig i konklusjonen av ein saksgong, er det avgjerande for kommunen at prosessen har fylgt lovverket og interne føringar. Det er difor eit avgjerande moment at all relevant informasjon blir dokumentert og lagra i websak. Dette for å sikre både arbeidsgjevar og den tilsette ved eventuelle seinare spørsmål.

Årsmelding 2020

Arbeidsgjevar skal følgje opp alle varsel og avvik som blir melde inn. Kommuneleiinga har ingen indikasjon på at det føregår ei systematisk diskriminering av individ basert på kjønn, etnisitet eller andre tilhøve. Tvert om prøver kommunen å styrke kjønnsbalansen på dei ulike arbeidsplassane. Mellom anna oppmodar ein i utvalde annonsar kvinner til å søke stillingar i typiske mannsyrke. Ein har og eit tett samarbeid med organisasjonane og verneomboda dersom/når temaet opplevd diskriminering blir løfta fram. Det har ikkje blitt meldt inn nokon saker til Arbeidsmiljøutvalet innan dette temaet i 2020.

Gjennom vernerundane, avvikssystemet og varslingssystemet kan og dei tilsette melde inn tilhøve knytt til diskriminering. Det har ikkje kome fram at det føregår systematiske brot som indikerer ein ukultur. Kommunen har heller ikkje tapt nokon saker som har vore fremma av td den sentrale diskrimineringsnemda.

I Stryn kommune arbeider mange tilsette i alle aldrar, av begge kjønn og frå mange nasjonalitetar. Kommunen er årvåken på om det utviklar seg subkulturar mellom ulike grupper tilsette, og om språkproblem, haldningar ol kan true den etiske standarden. Sjølv om ein kan oppleve einskildpersonar eller -situasjonar som må handterast, har kommunen ingen belegg for å konkludere med anna enn at det etiske nivået i kommunen er høgt, og at få kjenner seg diskriminerte.

Likevel er dette eit arbeid som har høgt fokus i organisasjonen.

Likestilling

Av 771 tilsette var 631 kvinner fordelt på 502,8 årsverk og 140 menn fordelt på 110 årsverk. 279 tilsette er i 100% stilling, 207 kvinner og 72 menn. 492 tilsette arbeider deltid, mot 509 i 2019. Blant dei som arbeidde deltid, var det 424 kvinner og 68 menn, hovudsakleg i pleie og omsorg, skule og barnehage. Det blir arbeid for å auke tal menn i desse sektorane, samt auke del fulltidstilsette.

Dette vil vere ei prioritert arbeidsoppgåve i dei komande åra.

I lønspolitisk plan er det eit viktig prinsipp at det skal vere lik løn for likt arbeid, uavhengig av kjønn, som grunnlag for dei lokale lønsforhandlingane. Både organisasjonane og arbeidsgjevar har dette som eit absolutt krav. Lønfastsetting i kommunen skjer gjennom sentralt HR-kontor. Dette er for å sikre at løn skal fastsettast korrekt i den einskilde tilsettinga uavhengig av kjønn og andre tilhøve.

Det er eit viktig prinsipp at det er arbeidsgjevar sitt ansvar å sikre lik lønn for likt arbeid i kommunen, justert for erfaring og andre tilhøve. Den overordna lønsfastsettinga inngår som del av partssamarbeidet ifm lønsforhandlingane. Ein kan og krevje innsyn i den einskilde tilsette si løn. Til dømes har alle leiarane i toppleiargruppa same løn, eit prinsipp som også er gjeldande nedover i organisasjonen blant tilsette i same stillingskategoriar.

Toppleiargruppa i kommunen er samansett av 7 personar, 3 av desse er kvinner (43%). Det bør etterstrebast å ha ei leiargruppe der begge kjønna er jamt representert. Dette gjeld også leiargrupper på lågare nivå.

Oversikt per 31.12.2020 syner at det er 123 tilsette som har alder 58+. Dette er ein nedgong på 13 tilsette ift 2019. Til saman utfører desse 123 personane 92,4 årsverk.

Det er eit betydeleg rekrutteringsarbeid som må skje i åra framover for å erstatte leiarar og fagstillingar. Det er viktig at vi får til ei gradvis utfasing av denne arbeidskrafta for å sikre nødvendig kompetanse i organisasjonen. Utfordringa i kommunal sektor vil bli størst i pleie og omsorg og undervisning.

Vernerunde

Kvar arbeidsplass skal i følge vedtak i AMU gjennomføre vernerunde ved årsskiftet som del av internkontrolltiltak og utarbeide ein handlingsplan for HMS. Vernerunde og handlingsplan skal skje i regi av leiar der verneombodet er ein viktig samarbeidspartnar. Vernerunde og handlingsplan ivaretek arbeidsgjevar sitt ansvar for å kartlegge og setje inn tiltak for å sikre eit "fullt forsvarleg arbeidsmiljø" i verksemda, jfr. Aml. § 4-1. Prosedyre for vernerunde og handlingsplan skal, blant fleire tiltak, sikre ein planmessig gjennomgang av det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet. Bedriftshelsetenesta er ein viktig samarbeidspartnar for å følgje opp både det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet. Tiltak som krev midlar utover det den einskilde avdelinga/ sektor har tilgjengeleg, blir sendt inn til HR-avdelinga for registrering.

Det blei meldt inn om lag 70 tiltak leiarar meiner treng friske midlar for å kunne gjennomførast på dei ulike arbeidsplassane. Desse blir vurderte og rangerte av hovudverneombodet, seksjonsleiar bygg og vedlikehald og HR-sjef før eit prioritert utval blir teke med vidare i budsjettprosessen. Ingen av dei innmelde prosjekta i 2020 blei vedtekne i kommunestyret. Ein utval av dei mindre kostbare tiltaka som ikkje blei meldt inn til politisk handsaming blir likevel utbetra i regi av seksjonsleiar bygg og vedlikehald.

HR-avdelinga nyttar resultatet frå vernerundane som del av grunnlaget for analyse av td sjukefråværet i dei einskilde avdelingane.

AKAN-utval

Det er nedsett eit fast AKAN-utval i kommunen. Utvalet er underutval til Arbeidsmiljøutvalet og er sett saman av følgjande medlemmer:

Medlemar er sjef Helse og sosial, HR-sjef, Hovudverneombodet, to AKAN-kontaktar – ein for området Vikane/Olden og ein for resterande område, og ein frå Bedriftshelse1. Utvalet har i 2020 hatt to møter der fokus på å kvalitetssikre eksisterande prosedyrar, utarbeide framtidige fokusområde samt å legge til rette for nyval av tilsette-representantar har hatt fokus. Ein har starta opp arbeidet med å utarbeide informasjonsmateriell som skal sendast alle arbeidsplassane, td plakatar med informasjon om AKAN generelt og namna på AKAN-kontaktane. Det er bestemt at AKAN-kontaktane skal vere til stades på relevante avdelingsmøte og presentere seg og oppgåvene knytt til rolla. Slik ønsker ein å styrke det førebyggjande arbeidet gjennom oppdatert kunnskap blant leiarane.

AKAN-kontaktane har ikkje blitt kontakta av tilsette i 2020. Truleg er det ein bøyg for dei det gjeld å kontakte ein kollega om så vanskelege tema. Det kan og vere at målgruppa opplever at det allereie er tilstrekkeleg med involverte når arbeidsgjevar, fastlege og andre interne og eksterne ressurspersonar er inne i saka.

Arbeidet for å støtte tilsette som har eit spel- eller rusproblem er viktig for kommunen og vil bli prioritert.

Inkluderande arbeidsliv

Stryn kommune vart Inkluderande arbeidslivsbedrift 01.09.2002 og har tilslutta seg ny avtale lokalt med varigheit ut 2022, jfr sentral IA-avtale. Stryn kommune har utarbeida fire lokale målsettingar:

- 1) Førebygge / forkorte sjukefråvær gjennom eit systematisk og dokumentert HMS-/IA-arbeid.
- 2) Legge til rette for at personar med redusert funksjonsevne/ andre tilretteleggingsbehov får arbeid/arbeidstrening på kommunale arbeidsplassar.
- 3) Hindre og/eller avslutte arbeidsrelaterte konflikhtar.
- 4) Auke den yrkesaktive alderen / pensjonsalderen.

Det er utarbeidd tiltak innan kvart einskild målområde. Tiltaka er utarbeidd i samarbeid med tillitsvalde og hovudverneombodet. Status på tiltaka blir lagt fram i Arbeidsmiljøutvalet.

Bedriftshelse1 har ein viktig funksjon i utøvinga av ein del av desse tiltaka, mellom anna gjennomføring av helsekontrollar.

Dei fleste tiltaka i planen er gjennomførde, men der nokre har berre har blitt delvis gjennomført eller sett på vent grunna pandemien.

Bedriftshelsetenesta

Stryn kommune har signert samarbeidsavtale med Bedriftshelse1. Døme på oppdrag bedriftshelsetenesta har hatt i 2020 er helsekontrollar/medisinske testar, vaksinar, arbeidsplassbesøk, konsultasjonar, dialogmøte, innsatsteam, kartleggingar av arbeidsmiljø, behandlingar, rapportar, rådgjeving i høve støy ol, opplæring mm. Utførte oppgåver var i samsvarar med vedteken HMS-/IA-plan. Ein eigen årsrapport frå BHT blir framlagt og gjennomgått i Arbeidsmiljøutvalet (møte 1). Denne rapporten har blitt sendt til alle verneomboda i organisasjonen.

Arbeidsmiljøkartlegging

Stryn kommune gjennomførte medarbeidarundersøkinga 10-faktor frå KS første gang i 2018. Ein skulle legge grunnlaget for ei ny undersøking i 2020, men denne blei utsett grunna ressursbruken knytt til pandemien. I samarbeid med KS blei ein hausten 2020 einige om å starte planleggingsarbeidet med ei ny kartlegging. Eksakt gjennomføringsperiode vil avhenge av kva ressursar lokalt nivå har til ikkje berre å gjennomføre, men også å følgje opp resultatata.

Resultata frå medarbeidarundersøkinga kan ikkje tolkast isolert, men må sjåast i samanheng med andre datakjelder som mengde på/innhaldet av avvikmeldingar, medarbeidersamtalar, vernerunder ol. Det viktige er at det blir sett i verk tiltak som er forankra både lokalt og sentralt. Det er og avgjerande at leiarane nyttar innsamla data gjennom året slik at desse ikkje berre blir «bruk og kast». HR-avdelinga nyttar data i ulike samanhengar, td når ein er ute og besøker avdelingar.

HR-sjef nettverket

HR-sjefane (eller tilsvarande) i Gloppen, Bremanger, Stryn og Stad har hatt fire møte i 2020. Ila hausten kom også HR-sjef frå Kinn kommune med i gruppa.

Nettverket har ein viktig funksjon både mtp å etablere felles uttale i viktige saker td etter føringar frå kommunedirektør-nettverket, men også mtp felles læring, utvikling og tolking av regelver, revisjon av prosedyrar ol.

I 2020 har ein mellom anna diskutert lønsforhandlingar, rekrutteringsstrategiar/samarbeid med Nordfjordakademiet, heiltidskultur, pandemi-relaterte tilhøve, IT-integrasjonsprosjekt, informasjonstryggleik, sjukefråværsstatistikk, KS-læring, debattheftet (KS spør) mm. For å styrke det tverrfaglege HR-arbeidet mellom kommunane, har nettverket også planlagt ei felles HR-samling for alle involverte i HR-arbeidet i aktuelle kommunar i 2021.

Internkontroll

Etter føresegnene for internkontroll er det verksemdene sitt eige ansvar skriftleg å klargjere mål, ansvar og oppgåver knytt til arbeidet og arbeidsplassen. Føresegnene understrekar leiinga sitt særlege ansvar, men der alle tilsette sin medverknad er eit grunnleggande premiss for å sikre ein trygg arbeidsplass. Det er viktig at arbeidsleiarane nyttar seg av den kompetansen som verneomboda sit inne med etter ei skulering på 40 timars grunnkurs. Viktigheita av eit tett og tidleg samarbeid mellom arbeidsgjevar, tillitsvalde og vernetenesta lokalt, er understreka av både kommunedirektør, HTV og HVO.

Arbeidsgjevar er ansvarleg for at arbeidet med internkontroll blir gjennomført etter intensjonen.

Oppfølging av internkontrollarbeidet

Stryn kommune nyttar det elektroniske verktøyet Compilo som eit av verktøya for å ivareta internkontrollen. I Compilo har leiarane og dei tilsette lett tilgang til interne prosedyrar, reglement og overordna lovverk, forskrifter mm. Systemet omfattar all tenesteproduksjon i kommunen inkludert HMS. Systemet har også ein modul for registrering av varsel og avvik.

Tilsette skal rapportere uønska hendingar, merknadar og personskadar på tilsette eller brukarar i Compilo. Formålet med å identifisere avvik er at Stryn kommune kan førebygge at liknande eller nye avvik skjer seinare. Avvika blir rapportert elektronisk og leiar for tenestområdet vurderer og behandlar avvika. Meldinga går tenesteveg, og vil – dersom næraste leiar ikkje handsamar dei innan fristen, bli sendt vidare til leiaren sin leiar.

Fokuset med avviksmeldingar er i hovudsak kva som kan gjerast betre, og ikkje kven som har forårsaka avviket. Avviksmeldingar skal alltid vere nøytrale slik at namn på brukar eller tilsette som kan vere årsak til avviket ikkje skal nemnast. Alle tilsette har ansvar for å melde avvik. For å sette meir fokus på Compilo som internkontrollsystem og varslingssystem har dette vore tema på leiar- og avdelingsmøter.

Ved rapportering av eit avvik blir avvika vurdert etter alvorsgrad (låg, middels og høg). I Stryn kommune vart det i løpet av 2020 registrert 886 avvik (mot 796 i 2019). Det var 308 stk. med låg alvorsgrad (257 i 2019), 339 med middels alvorsgrad (324 i 2019) og 239 med høg alvorsgrad (215 i 2019). Dei fleste av avviksmeldingane vart registrert i helse- og sosialetaten. Ein skal vere varsame med å nytte talet på avvik som ein tilstands-indikator på tvers av sektorar og avdelingar på bakgrunn av at avdelingane har ulik tilnærming til når ein melder avvik. Å sikre ei felles forståing av verktøyet på tvers av sektorane er ein viktig del av opplæringa i 2021. Fram til i dag er det tilsette innan helsesektoren som har kultur for å registrere alle avvik, medan tilsette i andre sektorar ikkje registrerer avvik så raskt – særskilt mindre alvorleg hendingar. Målet er at ein skal bli flinkare å registrere alle avvik i alle sektorane. Dette medfører ei forventa auke i tal registreringar dei næraste åra.

I 2020 blei grunnlaget lagt for innføring av ny versjon av Compilo i 2021. Dette vil medføre at kommunen får eit betre og meir føremålstenleg internkontrollsystem. I 2020 starta HR-avdelinga opp eit arbeid med mål å kvalitetssikre alle prosedyrane i Compilo. Dette fortset i 2021.

Samtidig som ein har lagt grunnlaget for ein oppdatert versjon av Compilo, har kommunen og arbeidd for å implementere ein HR-chatbot i 2021. Det har vore gjort eit stort arbeid for å klargjere denne til bruk gjennom opplæring og tilpasning til kommunen sitt behov. Ein HR-chatbot vil gjere det enklare for alle tilsette å finne relevant informasjon som ligg i Compilo ved at ein skriv inn tema ein ønsker informasjon om, og der chatbot finn relevante linkar. Slik får brukar raske svar på sine spørsmål, samt at sjansen er større for å få fram info ein elles ikkje hadde funne.

Stryn kommune innførte også KS-læring i 2020. Dette er eit system som skal tilrettelegge for enklare opplæring på tvers av sektorane. Her kan arbeidsgjevar på sentralt og lokalt nivå legge ut kurs ein meiner er viktige for å utøve arbeidet trygt og sikkert. Leiar har oversyn over kven som tek kurset, noko som gjer det mogleg å sikre at alle faktisk gjennomfører som planlagt. Dette styrker også kvaliteten på og forståinga av internkontroll-arbeidet.

Sjukefråvær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årleg sjukefråvær 2019	1,71 %	5,09 %	6,80 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,07 %	5,47 %	7,55 %

Stryn kommune har utarbeidd 3 målsettingar i høve sjukefråvær:

- 1) Kommuneleiinga og leiar på den einskilde arbeidsplass/avdeling skal, på bakgrunn av data frå 10-faktor-kartlegginga, vernerunden, medarbeidersamtalar, avdelings-/kvartalsmøte og avviksmeldingane, iverksette arbeidsrelaterte tiltak som fremjar jobbegasjement og hindrar arbeidsrelatert sjukdom/fråvær. Tiltaka skal samlast i HMS-/IA handlingsplan. Gjennomføre kurs etter fastlagd plan.
- 2) Overordna målsetting for Stryn kommune er minst 94 nærvær for alle kommunalt tilsette.
- 3) Overordna målsetting er minst 93 prosent nærvær for tilsette innan pleie og omsorg.

Fråværet steig frå 6,8% i 2019 til 7,55% i 2020. I lys av pandemien var ikkje dette uventa. Berre ved utbrotet i mars steig fråværet til 10,6% i 2020 mot 7,8% i same månad i 2019. Denne trenden har vore tydeleg på dei arbeidsplassane der nettopp fare for smitte er særskilt framtreddande, nemleg skule og kultur og helse og sosial. Fråværet steig frå 5,47% i 2019 til 6,89% i 2020, og frå 8,49% til 9,50% i helse og sosial. Sjølv om ein uansett kunne vente ei stigning i fråværet i 2020, er utfordringa at særskilt innan helse var nivået høgt allereie i 2019. Konsekvensen av det høge fråværet blir auka slitasje på dei som er igjen. Fråværet innan skule og kultur var venta og kan berre tolkast som resultat av pandemien.

Både innan helse og sosial og skule og kultur må ein fyrst og fremst framheve den utrulege innsatsen leiarar og tilsette har gjort gjennom året for å handtere kontinuerlege utfordringar. Fråværet har gått ned/vore stabilt på Olden skule, Miljø og Velferd, Teknisk,

Sentraladministrasjonen og reinhald frå 2019 til 2020. I sum har dette medført at det samla fråværet prosentvis har stige mindre enn ein kunne frykte. Alt i alt har korona medverka til auka sjukefråvær i nokre grupper, samtidig som mottiltaka – td auka fokus på handvask/hygiene, har medverka til mindre fråvær som skuldast influensa, omgongssyka mm.

Målet om maksimum 6,0 % i sjukefråvær på årsbasis, eller ein nærværprosent på minimum 94 %, vart såleis ikkje nådd i 2020. I samarbeid med verneomboda, tillitsvalde, bedriftshelsetenesta og Nav arbeider kommunen med å utarbeide ein langsiktig strategi for å redusere fråværet og fremme det førebyggjande fokuset. Utfordringa er samansett og komplisert og må møtast på mange område samtidig. Difor er samarbeid ein avgjerande nøkkelfaktor for å lukkast.

Ein kan ikkje sjå på sjukefråværdata åleine for å tolke «tilstanden» på ein arbeidsplass; Det er viktig å ha fokus på at dei aller fleste er på arbeid og utgjer ei stabil arbeidskraft i kommunen. Det er og viktig å hugse på at sjukefråværet er forventa å vere større i einskilde einingar grunna kravet til varsemd ovanfor brukarane (td unngå kontakt med eldre/sjuka ved fare for smitte).

I lys av all smittefare som var på arbeidsplassane i kommunen i 2020, er det på sin plass å takke reinhaldarane i kommunen som har gjort ein svært viktig jobb for at tilsette skal kjenne seg så trygge som mogleg på arbeidsplassen.

Kommunen arbeider målretta for at måla i HMS-planen skal nåast i 2021.

Koronapandemien 2020

I slutten av februar forstod vi at koronaviruset ville treffe òg Noreg hardt. 01.03 var smittevernplanen i kommunen oppdatert, og førebuingane var i gang. Kommuneoverlege prøvde å halde seg oppdatert fortløpande på gjeldene nasjonale tilrådingar via Helsedirektoratet, FHI og regjeringa. Dette endra seg svært raskt.

Søndag 08.03 fekk kommuneoverlegen info som gav mistanke om at seks skituristar som kom heim frå Ischgl i Austerrike var smitta med covid-19. Ettermiddag 11.03 viste det seg at alle seks prøvane var positive for covid-19. Denne veka forstod styresmaktene omfanget av importsmitte nasjonalt og stengte ned landet 12. mars.

Dei nasjonale lagera av prøveutstyr og smittevernutstyr nasjonalt på dette tidspunktet var kritisk. Lokalt hadde vi noko smittevernutstyr, men vi hadde svært sparsamt med PCR testar. Den veka vart det gjort store grep både nasjonalt og lokalt. 12. mars vart landet nedstengt. Lokalt vart kommuneoverlege frigitt frå fastlegeoppfølging og har sidan jobba full tid med handtering av Covid-19 og andre smittevern og kommunelegeoppgåver. I løpet av eit døgn frå 10.03 til 11.03 vart det oppretta smittekontor på kulturhuset som skulle ta seg av alle med infeksjonssymptom. Der har legane sidan gått i vaktberedskap.

Per i dag har totalt 40 personar testa positivt for covid-19 i Stryn kommune. I tillegg kjem nokre personar bur i Stryn, men som har tatt test på andre stader enn i Stryn kommune. Dei fleste av dei smitta vår 2020 var fastbuande i Stryn som hadde vore på reise. Høst 2020 var fleirtalet importsmitte frå Europa. Språkutfordringar og kulturforskjellar gjorde desse tilfella krevjande. Spesielt kravde handtering og førebuingar på sommarsesongen 2020 arbeid inn mot bedrifter og kommunale tenester. Stryn kommune fekk svært mange besøkande turistar frå Noreg denne sommaren, men ingen nye tilfelle av smitte lokalt. I heile pandemien har oppfølging og kontakten med lokale bedrifter og tenester vore viktig for handteringa og førebygginga av smitte.

Vi har heile tida hatt kontroll på smitten i Stryn kommune, og strategi med omhyggeleg TISK (testing, isolering, smittesporing og karantene) arbeid hatt god effekt. Kommunedirektør, kommunalsjef helse og sosial og kommune overlege har hatt statusmøte kvar veke og har gjennom dette heile tida tatt hand om planlegging og dei løypande utfordringane. Ordførar har vore involvert når dette har vore naudsynt.

Arbeidet med TISK er svært tidskravande. Vi har sidan starten hatt få personar som har jobba direkte med dette, men desse har vore hardtarbeidande og dedikerte.

Kommunen har i 2020 hatt utfordringar med hyppig vikarskifte blant legane. Det var krevjande med rekruttering til fastlegestillingar før Covid-19, og det har vore endå meir krevjande under pandemien. Viktigaste lege-støtte til kommuneoverlege slutta i august-20. Vi har ikkje fått på plass andre legar som er villige til å dele på vaktbelastning i handtering av TISK i Stryn etter dette. Legane, personalet på legekantoret og helsestasjon har derimot strekt seg langt i å ha dagleg beredskap på smittekontor og testing. Det har vorte sett inn ekstra ressursar til dette. Leiande helsesjukepleiar vart i november/desember kopla inn som ein auka støttefunksjon i TISK arbeidet med kommuneoverlege.

Vi har gjennom heile perioden fulgt dei nasjonale føringane. Vi har oppdatert informasjon om endringar som har kome på heimesida vår som informasjonskanal. Vi har ikkje satt krisestab, eller sett behovet for å vedta egne forskrifter utover dei nasjonale føringane.

Årsmelding 2020


I periodar gjennom året har det vore naudsynt med heimekontor for dei som har hatt muligheit for det. Dette for å auke smittevernet, og redusere eit utbrot som kan gå utover drifta til kommunen.

Desember 2020 starta kommunen med det gledelege arbeidet å planlegge vaksinasjonsoppstart av covid-19-vaksine. Her har det vore eit godt samarbeid med einingsledar helse, leiande helsesjukepleiar og kommuneoverlege i planlegginga. Første vaksine vart sett i januar 2021.

Folketalsutvikling 4. Kvartal 2020

	2017	2018	2019	2020
Folketall ved inngangen av kvartalet	7 218	7 195	7 167	7 130
Født	77	62	60	68
Døde	67	73	60	55
Fødselsoverskudd	10	-11	0	13
Innvandring	72	81	84	73
Utvandring	52	97	39	22
Innflytting, innenlands	176	181	149	195
Utflytting, innenlands	229	199	230	274
Nettoinnflytting, inkl. inn og utvandring	-33	-34	-36	-28
Folkevekst	-23	-51	-37	-12
Folketallet ved utgangen av kvartalet	7 195	7 144	7 130	7 118

År



Folketalsutviklinga i Stryn kommune viser nedgang også for 2020, men nedgangen er mindre enn dei siste åra. Nedgangen ligg i utflytting frå kommunen som er større enn innflyttinga til kommunen. Det positive er at vi ser ein oppgang i tal fødte når ein samanliknar med dei 2 førre åra.

Folketalsutvikling aldersfordelt

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
0 - åringar	79	83	83	82	68	83	90	76	66	63	71
Barnehage (1-5 år)	476	465	456	446	445	411	422	416	400	392	380
Grunnskole (6-15 år)	954	963	950	961	951	981	977	961	957	918	905
Videregående (16-19 år)	407	396	396	388	390	398	398	403	392	401	395
Voksne (20-66 år)	4 078	4 102	4 138	4 149	4 162	4 135	4 152	4 141	4 115	4 080	4 058
Eldre (67-79 år)	633	675	702	735	780	789	803	828	856	901	921
Eldre (80-89 år)	299	286	285	283	267	284	283	287	292	293	304
Eldre (90 år og eldre)	92	95	95	90	92	87	93	83	89	82	84
Total	7 018	7 065	7 105	7 134	7 155	7 168	7 218	7 195	7 167	7 130	7 118

Når ein ser på utviklinga i folketalet i Stryn kommune ser ein at nedgangen ligg i vaksne i arbeidsalder og yngre. Der er oppgang i tal eldre, og det er også det som ligg i prognosa for folketalsutvikling. Dette er noko vi må ta med oss i planlegging for vidare utvikling for kommunen, både når det gjeld til dømes fokusområde og satsningsområde.

Sysselsetting i kommunen

	Registrert helt arbeidsledige			
	2017	2018	2019	2020
Stryn				
15-74 år	1,1	1,6	1,2	2,3
15-29 år	0,8	1,9	1,5	3,1
30-74 år	1,2	1,5	1,1	2,1

Ein ser at tal arbeidsledige har auka i Stryn i 2020. Koronapandemien har påverka arbeidsgjevarane også i Stryn og mange har blitt permitterte på bakgrunn av dette.

Når ein ser på sysselsatte etter næring ser ein at det er spesielt innan overnatting og servering der nedgangen er størst. Som i resten av landet er dette er dei næringane som har vore mest påverka av pandemien og dei tiltaka og restriksjonane som vart innført.

Alder	Næring	2017
-------	--------	------

Årsmelding 2020

Alder		Næring	2017	2018	2019	2020	Endring frå 2019 til 2020
Sysseisatte personer etter bosted Stryn	15-74 år	00-99 Alle næringer	3839	3829	3847	3767	-80
		01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	237	230	228	236	8
		05-43 Sekundærnæringer	1183	1200	1214	1211	-3
		45-82 Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	1236	1247	1237	1185	-52
		84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	109	103	108	109	1
		85 Undervisning	262	259	271	255	-16
		86-88 Helse- og sosialtjenester	668	663	658	642	-16
		90-99 Personlig tjenesteyting	107	91	93	94	1
		00 Uoppgitt	37	36	38	35	-3

Framleis står Noreg opp i ein pandemi som er usikkert når ein kan forvente at sysselsettinga vil normalisere seg.

Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapet er avlagt i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk, herunder kommunale rekneskapsstandardar (KRS) utgjevne av Foreningen for god kommunal rekneskapsskikk (GKRS). Notar til rekneskapen er sett opp i samsvar med "Forskrifta om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og åreberetning for kommuner"

Kommunerekneskapet er finansielt orientert, og skal vise alle økonomiske midlar som er tilgjengelege i året, og bruken av desse. Inntekter og utgifter skal tidsmessig plasserast i det året som følg av anordningsprinsippet. Anordningsprinsippet tyder at alle kjende utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd skal framgå av drifts- eller investeringsrekneskapet i året enten dei er betalte eller ikkje.

I den grad ein skilde utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsettast konkret ved tidspunktet for rekneskapsavslutninga vert det registrert eit berekna beløp i årsrekneskapen.

Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar i berre balansen vert ikkje gjort. For lån er berre den delen av lånet som faktisk vert brukt i løpet av året ført i investeringsrekneskapen. Den delen av lånet som ikkje er brukt er ført som memoriapost.

Ved lånefinansiering av investeringar er renteutgiftene lagt til anskaffelseskost i samsvar med tilrådd løysing i KRS nr. 2.

Klassifisering

Klassifisering av anleggsmiddel og omløpsmiddel

Anleggsmiddel er eigendelar meint for varig eige eller bruk for kommunen. Andre eigendelar er omløpsmiddel.

Krav knytta til eigen vare- og tenesteproduksjon, samt marknadsbaserte verdipapir som inngår i ei handelsportefølje er omløpsmiddel. Andre marknadsbaserte verdipapir er klassifiserte som omløpsmidlar med mindre kommunen har føreteke investeringa ut frå næringspolitiske eller samfunnsmessige omsyn. I slike tilfelle er verdipapira klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre fordringar er omløpsmidlar dersom desse forfell til betaling innan eitt år etter kjøpstidspunktet. Elles er dei klassifiserte som anleggsmiddel. Neste års avdrag på utlån inngår i anleggsmiddel.

Kommunen følg KRS nr. 4 Avgrensinga mellom driftsrekneskapet og investeringsrekneskapet. Standarden har betydning for skiljet mellom vedlikehald og påkostning i høve anleggsmiddel. Utgifter for å oppretthalde anleggsmiddelet sitt kvalitetsnivå vert utgiftsført i driftsrekneskapet. Utgifter som representerer ein standardheving av anleggsmiddelet utover standarden ved anskaffelsen vert utgiftsført i investeringsrekneskapet og aktivert på anleggsmiddelet i balansen.

Klassifisering av gjeld

Langsiktig gjeld er knytta til føremåla i kommunelova med unnatak av likviditetstrekkrett/likviditetslån. All anna gjeld er kortsiktig gjeld.

Vurderingsreglar

Omløpsmidlar

Omløpsmidlar er vurderte til lavaste verdi av anskaffelseskostnad og verkeleg verdi. Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar er vurderte til verkeleg verdi.

Uteståande fordringar er vurderte til pålydande med frådrag av forventta tap.

Anleggsmiddel

Anleggsmiddel er vurderte til anskaffelseskostnad. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne med like store årlege beløp over anlegget si levetid. Avskrivningane startar året etter at anleggsmiddelet er anskaffa / teke i bruk av verksemda.

Anleggsmiddel som har hatt vesentleg verdifall som ikkje er vanta å vere mellombels er nedskrivne til verkeleg verdi i balansen.

Gjeld

Vurderingane for anleggsmiddel gjeld tilsvarande for kortsiktig og langsiktig gjeld. Opptakskostnad er gjeldsposten sin pålydande i norske kroner på det tidspunkt gjelda vert stifta. Lånekostnader (gebyr, provisjonar, m.m.) samt over- og underkurs er finanskostnader og -inntekter. Over- og underkurs vert periodisert over lånet si løpetid som kortsiktig krav/gjeld etter same prinsipp som gjeld for obligasjonar som vert haldne til forfall.

Sjølvkost

For dei tenester der sjølvkost er sett som rettsleg ramme for kva kommunen kan krevje av brukarbetaling reknar kommunen sjølvkost etter retningslinjer gjevne av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

For dei tenestene der kommunen sjølv har valt å krevje brukarbetalingar etter sjølvkostprinsippet føler kommunen dei same retningslinjene.

Mva-plikt og Mva-kompensasjon

Kommunen føler reglane i mva-lova for dei tenesteområda som er omfatta av lova. For kommunen si øvrige verksemd krev kommunen mva-kompensasjon. Motteken kompensasjon for betalt mva er finansiert av kommunesektoren gjennom redusert statstilskot i inntektssystemet.

Organisering av kommunen si verksemd

Den samla verksemda til kommunen er organisert innafor kommunen sin ordinære organisasjon, med unntak av:

Renovasjon som vert drive gjennom eit interkommunalt samarbeid saman med fem andre kommuner i Nordfjord. Nordfjord Miljøverk (NOMIL) IKS. Gloppen kommune er vertskommune. Selskapet avlegg sjølvstendig rekneskap som ikkje inngår i Stryn kommune sitt drifts- og investeringsrekneskap.

Hamnevesen som vert drive gjennom eit interkommunalt samarbeid saman med fire andre kommuner i Nordfjord - Nordfjord Hamn IKS. Vågsøy kommune er vertskommune. Selskapet avlegg sjølvstendig rekneskap som ikkje inngår i Stryn kommune sitt drifts- og investeringsrekneskap.

"Vestland Revisjon" som frå og med 2020 vert drive gjennom eit kommunalt oppgåvefelleskap saman med femten andre kommuner i gamle Sogn og Fjordane. Sunnfjord kommune er vertskommune.

Årsmelding 2020

Nordfjorderådet, samarbeidsorgan for alle 4 Nordfjordkommunane, som vert drive gjennom eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova. Gloppen kommune er vertskommune.

Kommunane rapporterer rekneskapsinformasjon og informasjon om tenester til staten ved SSB. Data som er rapportert inn, blir publisert på SSB sine nettsider om KOSTRA som grunnlagsdata eller sett saman og publisert som nøkkeltall.

Nøkkeltall og grunnlagsdata skal bidra til å gi innbyggerane, media, kommunesektoren sjølv, staten og andre, moglegheit for å få informasjon om det meste av kommuneane og fylkeskommunane si verksemd. Denne informasjonen skal også bidra til åpenheit, gjennomsiktighet og å gi moglegheit for å forbetre tenestetilbodet i kommunesektoren.

Økonomisk status og måloppnåing

Status økonomiske mål

Økonomisk handlingsrom er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilboda til innbyggjarane i kommunen. Det er viktig med stabilitet og forutsigbarheit i den økonomiske politikken, noko som vidare vil gi god kvalitet i tenestene, fornøgde brukarar, innbyggjarar og tilsette.

Stryn kommune sin økonomi har vore preget av god budsjettkontroll. Stryn kommune har vore ei vekstkommune når det gjeld folketal, og har hatt stadig auke i inntekter på bakgrunn av dette. No ser ein at veksten har stagnert og folketalet har gått ned. Dette fører til lågare inntekter og driftsnivået må følge etter inntektene for å vere økonomisk berekraftig.

Når ein skal vurdere det økonomiske resultatet til kommunen skal ein bruke netto driftsresultat som eit måltal. Statens anbefaling er at kommunane bør ha eit netto driftsresultat på over 1,75 % for å sikre ein buffer. Netto driftsresultat viser kommunen sitt resultat før bruk/avsetning av fond og overføring til investering. Forenkla sett kan ein seie at om netto driftsresultat er negativt må ein bruke av oppsparte midlar, og motsatt om netto driftsresultat er positivt kan ein samla sett sette av midlar. Dette er grunnen til at ein bør bruke netto driftsresultat for å vurdere rekneskapsmessig resultat i staden for begrepet meir-/mindreforbruk som kjem etter at ein har tatt omsyn til bruk, avsetning av fond og overføring til investering. Etter ny kommune lov skal ein avlevere rekneskapsrapporten der meir-/mindreforbruk er dekkja etter gjeldande regelverk, og difor viser bunntilstand "Fremført til inndecking i senere år (merforbruk)" på kr. 0. Etter gammel kommunelov skulle ein sett "meir-/mindreforbruk" på denne linja, som for 2020 enda på kr. 29.865,- i meirforbruk. Dette er dekkja inn gjennom bruk av disposisjonsfond.

Netto driftsresultat for Stryn kommune i 2020 vart 0,6 %, kr. 3.9 millionar. Dette er mindre enn målet vårt på 1,75 %, men ei forbetring frå fjorårets resultat som var på -2,9 %. Det som er med på å påverke netto driftsresultat er midlar vi har mottatt knytt til ekstraordinære vedlikehald i samband med korona, der midlar som skal nyttast i 2021 som ved rekneskapsavslutning vart satt av kr. 2.6 million på fond. Om desse midlane hadde vore nytta innanfor rekneskapsåret hadde dette ført til at netto driftsresultat hadde enda på rundt 1.3 million, og 0,2 %.

Året som har gått vart eit år som ingen kunne føresjå på mange måtar. Økonomisk sett har dei statlege støtteordningane dekkja det meste av meirutgiftene kommunen har hatt i samband med handteringa av koronasituasjonen, men ikkje alt når det gjeld inntektstap. Dei ekstra midlane kommunen har fått i samband med handtering av korona har blitt ført over til kommunen gjennom rammetilskotet, og er ikkje fordelt utover i sektorane der kostnadar har blitt ført. Derfor ligg meirforbruket ute på sektorane og meirinntektene på fellesfinansiering.

Samla sett fekk vi ca. 9,9 millionar meir i skatt- og rammeinntekter enn vi hadde budsjettert. Når det gjeld utgiftssida så er det som forventa, med tanke på handtering av korona, lønsutgiftene som er høgare enn budsjettert. Deler at dette er kompensert gjennom refusjonar. Ein ser også at kjøp av varer og tenester

Årsmelding 2020

er lågare enn budsjettert, eit resultat av at sektorane har vore fokusert på å halde kostnadsnivået nede i ei usikker tid som dette året her har vore. Vi har satt av meir i fond enn vi hadde budsjettert, og det har også samanheng med avsetningar til planlagte prosjekt som ein ikkje fekk gjennomført i 2020, men vil komme i 2021.

Når det gjeld måltal for disposisjonsfond på 10 %, så har vi pr. 31.12.2020 5,8 %. For å nå dette målet må vi ha lågane utgifter enn inntekter for å få bygd opp desse reservemidla. Økonomiplan for 2021-2024 vart vedteken med bruk av disposisjonsfond gjennom heile perioden, og dette er ikkje berekraftig, og ein må jobbe for å snu dette.

Arbeidskapital i 2020 vart innanfor målet og vi har ein god likviditet gjennom året.

Målsettinger

- Godt økonomisk handlingsrom

Årsmelding 2020

Mål

Hovedmål	Delmål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	2019	Ønsket resultat 2020	Oppnådd resultat
Godt økonomisk handlingsrom	Arbeidskapital fråtrekt premieavvik i prosent av brutto driftsinntekt (likviditet) > 20%	Dette målet er eit uttrykk for kommunen sin likviditet og seier noko om kommunen si evne til å betale sine forpliktingar ved forfall.	Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	24,8	24,0 %	24,4 %
	Maksimum 80% av årlege investeringar kan lånefinansierast.	Avdrag og renter ved investeringar låneoptak skal dekkast av kommunen sine løpande driftsinntekter. Dette gjer at ein betalar av dei årlege inntekene gjennom mange år på dei investeringane kommunen har gjort. Ved å ikkje fullfinansiere vil dette krevje mindre av driftsinntekene som kommunen kan nytte til andre driftskostnader. Andre finansieringskjelder kan vere til dømes eksterne midler eller bruk av investeringsfond.				
	Netto driftsresultat minst 1,75 % Når disposisjonsfondet er under 10% av brutto driftsinntekt skal ein i budsjett ha minst 1,75% i netto driftsresultat som skal leggjast til fondet.	Netto driftsresultat visar om kommunen dekker sine løpande kostnader med dei løpande inntekene. Netto driftsresultat bereknast ut fra brutto driftsresultat, men tar i tillegg omsyn til resultat eksterne finansieringstransaksjoner, dvs. netto renter, netto avdrag og tap/gevinst på finansielle instrumenter (omlepsmidlar), samt kommunale utlån, utbytter og cigaruttak, og er i tillegg korrigerert for avskrivningar slik at desse ikkje gir resultat effekt. Netto driftsresultat kan enten brukes til finansiering av investeringar eller avsettast til senere bruk.	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	6,1	0,6	0,6 %
	Stryn kommune skal ha disposisjonsfond på 10% av brutto driftsinntekt.	Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering både i drifts- og investeringsrekskapen, og indikatoren kan seie noko om kor stor økonomisk buffer kommunen har for sin løpande drift, og uforutsette hendingar.	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	6,1	8,0 %	5,8 %

Årsmelding 2020

Avvik mellom rekneskap og budsjett på overordna nivå

55-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

Beløp i 1000

Note	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Regnskap 2019
Rammetilskudd	-267 238	-251 768	-228 268	-251 933
Inntekts- og formuesskatt	-188 693	-194 254	-217 754	-190 496
Eiendomsskatt	-17 955	-17 796	-17 796	-17 658
Andre skatteinntekter	-36	-33	-33	-32
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-22 785	-23 000	-23 000	-19 724
Overføringer og tilskudd fra andre	-83 962	-54 604	-49 104	-79 246
Brukerbetalinger	-24 309	-24 737	-24 737	-24 441
Salgs- og leieinntekter	-78 157	-90 297	-90 228	-51 332
Sum driftsinntekter	-683 133	-656 489	-650 920	-634 862
Lønnsutgifter	375 326	355 385	354 542	364 454
Sosiale utgifter	73 297	65 531	65 291	83 738
Kjøp av varer og tjenester	155 924	167 795	164 096	128 622
Overføringer og tilskudd til andre	47 747	41 437	38 700	51 510
Avskrivninger	27 830	27 505	27 505	24 728
Sum driftsutgifter	680 124	657 653	650 134	653 052
Brutto driftsresultat	-3 010	1 164	-786	18 189
Renteinntekter	-4 560	-5 772	-5 622	-7 023
Utbytter	-2 059	-2 500	-2 500	-2 753
Gevinster og tap på finansielle omlopsmidler	-215	-786	-786	-307
Renteutgifter	9 593	10 980	10 980	11 535
Avdrag på lån	24 158	24 158	24 158	23 826
Netto finansutgifter	26 917	26 079	26 230	25 278
Motpost avskrivninger	-27 830	-27 505	-27 505	-24 728
Netto driftsresultat	-3 923	-262	-2 062	18 740
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	2 065	2 193	2 093	2 559
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-6 580	-5 091	-4 991	-4 834
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-4 722	3 159	4 959	-20 435
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	3 923	262	2 062	-22 710
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	-3 971

Driftinntekter:

Når det gjeld inntektssida til kommunen har vi motteke ca. kr. 9.9 million meir i skatt og ramme enn budsjettert. Dette er hovudsakleg knytt til refusjon av kostnader og ekstra midlar i samband med koronapandemien.

Under overføring og tilskot frå andre ligg mellom anna refusjon frå NAV knytt til sjukefråvær og permisjonar. Denne kan ein sjå i samanheng med auka lønsutgifter/sosiale utgifter då denne blir høgare enn budsjettert då ein ikkje kan budsjettere med fråvær som ein får refundert.

Avvik på sals- og leigeinntekter har eit avvik grunna mindre aktivitet i kommunen i samband med korona.

Driftsutgifter:

Når det gjeld lønsutgifter og sosiale utgifter har utgiftene til kommunen har vore høgare i 2020 grunna handtering av koronasituasjonen. Deler av dette er dekkja gjennom auka rammeoverføring frå staten, og refusjonar frå NAV. I sosiale utgifter ligg også handteringa av pensjonskostnadane til kommunen. Signala hausten 2019 var eit positivt premieavvik på kr. 22.5 millionar. Gjennom året fekk vi beskjed frå at premieavviket ville bli vesentleg redusert på bakgrunn av koronasituasjonen. Vi enda med eit dårlegare resultat på ca. kr. 9. millionar grunna endringane i premieavviket.

Kjøp av varer og tenester vart lågare enn budsjettert grunna mindre aktivitet i samband korona og fokuset i kommunen på å halde kostnadane nede.

I overføring og tilskot til andre ligg mellom anna auka overføring til næring der vi fekk auka potten til næringsfond.

Finansutgifter/inntekter:

Når det gjeld renteinntekter/utgifter er desse lågare enn budsjettert grunna lågare renter i marknaden.

Vi fekk ikkje like mykje i utbytte som forventa.

Avsetning/bruk av fond og overføring til investering:

Når det gjeld avsetning/bruk av fond, har vi satt av meir enn budsjettert, men dette er knytt til avsetningar av ubrukte korona midlar til ekstraordinær vedlikehald.

For meir detaljer rundt kvar sektor sine resultat vises det til sektorane sine kapitel i årsmeldinga.

KOSTRA hovudtal

	Stryn 2019	Stryn 2020	Stad	Gloppen	Kostragruppe 01	Vestland	Landet uten Oslo
Prioritet							
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B) *) **)	64 135	62 716	60 214	63 133	61 741	63 804	62 386
Økonomi							
Frie inntekter i kroner per innbygger *) **)	57 142	57 941	58 715	56 965	57 807	57 965	58 448
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-2,8 %	0,6 %	4,3 %	-1,5 %	0,8 %	1,7 %	2,4 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger *)	76 875	80 706	123 699	125 450	85 745	78 601	85 245
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	81,8 %	81,6 %	122,3 %	120,2 %	95,5 %	87,1 %	94,5 %

Gjennom nettodriftsresultat kan ein sjå at vi dekker våre kostnader gjennom inntektene utan å bruk av oppsparte midlar. Likevel bør vi ha eit betre resultat enn det vi har i år.

Stryn kommune har pr. no ei lånegjeld som ligg lågt og berekraftig om ein samanliknar seg med andre. Likevel har vi mange store investeringar i åra som kjem framover, og ein må forvente at denne auker. Ein bør likevel ha som eit mål at ein ikkje lånefinansierer 100 % investeringane for å halde nivået på lånegjeld nede. Gjennom å halde lånegjelda nede kan ein bruke meir av dei frie driftsinntektene til andre driftsutgifter enn avdrag og renter på lånegjelda.

Nivået på disposisjonsfond er for lågt med tanke på måltal og at der ligg mykje bruk av dette i økonomiplanperioden. Det må jobbast med å redusere bruken av disposisjonsfond og sette av meir midlar til fondet.


Kommunen sine tenesteområder

Sentraladministrasjon

Tenesteområdebeskriving

Politisk styring

Området omfatta underliggende funksjonar som ordførar, kommunestyre, formannskap, sektorutval, diverse råd og nemnder, og val.



Kontrollorgan

Kontrollutvalet skal føre tilsynet med forvaltninga i kommunen på vegne av kommunestyret. Her under å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning. Kontrollutvalet skal mellom anna sjå til at årsrekneskapan vert revidert på ein tilfredsstillande måte, sjå til at kommunen årleg vert gjenstand for forvaltningsrevisjon og sjå til at det vert ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap.

Kommunedirektør

Avdelinga består av kommunedirektør, kontorsjef (fast stedfortreder for kommunedirektøren) og kommuneoverlege, og arbeider på tvers av sektorane.

Kommunedirektøren er kommunen sin øvste administrative leiar og er bindelegget mellom administrasjonen og det kommunale politiske organ.

Økonomiavdeling

Avdelinga har ansvar for:

- Rekneskapsføring og innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift på vegne av staten etter skattebetalingslova og instruksar frå Skattedirektoratet og Skatt Vest. (fram til 1.desember 2020)
- Rekneskapsførarfunksjonen for kommunen. Innkrevjing av kommunale gebyr m.m.
- Økonomisk planlegging med årsbudsjett og økonomiplan.
- Strategi vedkomande informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) for heile kommuneorganisasjonen.

HR-avdeling

HR-avdelinga har eit overordna ansvar for at lovverk, reglement og interne føringar innan fagfeltet blir handheva korrekt og revidert i Stryn kommune. Vidare har avdelinga ansvar for alle tilhøve knytt til overordna løns- og personalhandsaming, leiarstøtte i arbeidstakar- og arbeidsmiljøprosessar som td ved tilsetjing, sjukefråværsoppfølging, kurs/foredrag, personalsaker, pensjon osv. Også lærlingeordninga er administrert av HR-avdelinga. Avdelinga er knutepunktet utad mot mange eksterne aktørar kommunen samarbeider med, som td Nordfjordakademiet. HR-avdelinga har også eit stort ansvar i arbeidet med å implementere nye digitale løysingar innan HR-feltet og å sikre tilstrekkeleg opplæring for slik å medverke til at kommunen arbeider mest mogleg føremålstenleg til beste for dei tilsette, brukarane og innbyggjarane.

Plan- og næringsavdeling

Seksjon for plan- og næring har ansvar for overordna planlegging, næringsutvikling, landbruksforvaltning, natur- og miljøforvaltning, folkehelse og etter kvart også klimaplanlegging. Viktigaste arbeidsoppgåver for seksjonen er:

- Kommuneplanlegging (planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel)
- Grunninnløyising (innløyising av areal til bustad- og næringsføremål, sal av kommunal grunn)
- Landbruk - sakshandsaming, lov- og tilskotsforvaltning
- Sekretær for kriseleiing og beredskapsrådet
- Kontaktpunkt mot næringslivet (Samforum, forvaltning kommunalt næringsfond)
- Oppdatert oversikt over helsetilstanden i befolkninga
- Friluftsliv – statleg sikring av viktige friluftsområde
- Sakshandsaming/ lovforvaltning, ureiningslova, vassdirektivet, motorferdsel i utmark m.v

Sekretæroppgåver for ungdomsråd og frå 01.10.20 rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Utvikling av tiltak og strategiar for førebyggjande folkehelsearbeid

Bygg- og vedlikehaldsavdeling

Bygg-og vedlikehaldsavdelinga har ansvaret for både å ivareta kommunen sin eksisterande bygningsmasse og gjennomføre vedtekne større rehabiliteringar og nybygg. I tillegg gjennomføre faste rutineoppgåver og oppfølging av ulike tilsyn.

Avdeling for service- og kommunikasjon

Avdelinga har ansvar for mange fellestenester for heile kommunen og tenester over for det politiske. Avdelinga handterer det meste av kommunikasjon overfor innbyggjarar og internt i organisasjonen, og har ei sentral rolle i å tilrettelegge og forenkle kommunikasjon og prosessar i og til kommunen. Ansvarsoppgåver som er knytt til avdelinga er mellom anna politisk sekretariat, sakshandsaming (skjenkeløyve, bustønad, lån og utbetringstilskot), post og arkivoppgåver, val og IT.

Tru- og livssynsamfunn

Kontaktpunkt og rammeansvarleg for overføringar til Stryn kyrkjelege fellesråd, kyrkjer, kyrkjegardar og andre trussamfunn er lagt til sentraladministrasjonen.

Utvikling og utfordringar

Kommunedirektør

Det må jobbast vidare med digitalisering av både arbeidsprosessar og tenester over for innbyggjarar i alle sektorar og avdelingar i kommunen.

Kommunen får stadig nye nasjonale føringar. Desse påverker både måten vi skal jobbe på og kva vi skal jobbe med. Dette er krevjande for organisasjonen og krev mykje arbeid både i forhold til forankring, iverksetting og oppfølging.

Økonomiavdeling

Det er viktig å ha vidare fokus på digitalisering og forenkling av arbeidsprosessar og tenester både intern og ekstern.

Nye føringar frå sentralt hald, som til dømes ny kommunelov, gjer at ein må gå igjennom og kvalitetssikre at rutiner blir oppdatert etter gjeldane regelverk.

HR-avdeling

HR-avdelinga er involvert i mange samtidige prosessar, både overordna og i den einskilde sektoren. Avdelinga er nyetablert med det føremål at kommunen skal arbeide endå meir førebyggjande, lærande, støttande og utviklande på tvers av sektorane og avdelingane. Å samle HR-ressursane i ei avdeling var eit rett og nødvendig steg. For å oppnå dei effektane ein forventar i lys av den organisatoriske endringa, må avdelinga kompletterast med fleire ressursar slik at ein kan organisere arbeidet meir målretta. Samstundes ser ein mange positive effektar av digitalisering og eit leiar- og tilsettekorps som tek stort ansvar for eigen arbeidssituasjon og arbeidsplass.

Den største utfordringa i 2020 var alle tilhøve som skulle møtast og følgjast opp som følgje av pandemien. Denne har utgjort ei for mange stor utfordring i arbeidskvardagen, men der ein har løyst det meste på ein imponerande måte i samarbeid mellom lokalt og sentralt nivå i organisasjonen.

Sluttavtale med kommunedirektør vart inngått hausten 2020, men rolla konstituert kommunedirektør har blitt løyst på ein svært god måte. Likevel medfører dette at prosessar blir forstyrra og «sett på vent». Alt i alt er også denne utfordringa løyst godt av dei involverte.

Plan- og næringsavdeling

- Oppdatert planverk, både oversiktplanar og tematiske planar
- Følgje vedtekne gjeldande planar. Dette vil føre til mindre konflikhtar, meir føreseieleg utvikling, færre dispensasjonar og meir effektive planprosessar.
- Reelle medverknadsprosessar og godt forankra planar hos innbyggjarane og politikarane
- Skaffe nye næringsareal som i minst mogleg grad kjem i konflikt med sårbar natur og jordbruksareal
- Generelt ta meir klimaomsyn i all oversikts- og detaljplanlegging
- Redusere negative konsekvensar av omstrukturering av landbruket
- Grønt og berekraftig reiseliv
- Trass i årlege søppelryddeaksjonar er stadig store mengder avfall er på avvege
- Kjempe mot og førebygge vidare spreieing av framande uønska artar
- Definere og ta i bruk FN's sine berekraftsmål og innarbeide dette i den overordna planlegginga
- Kapasitet og moglegheit til å utnytte tilskotsmidlar

Bygg- og vedlikehaldsavdeling

Store deler av bygningsmassen vår er frå 70-80 talet, og trongen for vedlikehald/renovering blir stadig større.

Avdelinga har hatt god utvikling når det gjeld fagleg oppdekking i vaktmeister poolen. Dette reduserer behovet for innleige av ekstern fagarbeid.

Skifte av leigetakarar i kommunale utleigebustadar førar ofte til totalrenovering. Dette må det jobbast vidare med rutiner før/under/etter leigeforhold.

Manglande godkjende planar for gjennomføring gjer at utføringa av tiltak kan ta lengre tid enn naudsynt.

Vi må starte opp med eit byggforvaltningsprogram for å kunne dokumentere gjennomføring av rutiner og oppgåver, både for eigen del og for å kunne dokumentere ting godt nok ved tilsyn.

Avdeling for service- og kommunikasjon

I dei siste åra har vi teke i bruk fleire ulike digitale løysingar og system. I det vidare må vi sette fokus på å utnytte dei mulighetene som fins i desse digitale verkøyta som vi har tilgang til. Både tidlegare og framover er det eit hovudfokus å få til gode rutiner og prosessar som gjer at vi i går bort frå manuell rutiner der dette er fornuftig og forsvarleg.

Automatiserte løysningar, som til dømes chatrobot "Kommunekari" blir brukt stort sett heile døgnet også utanfor kommunen si opningstid. Det er naturleg å tenke seg at chatrobot også blir brukt på nye område i organisasjon til dømes på intranett for å svare på spørsmål knytt frå tilsette om ferie, arbeidstid, reglement andre ordningar.

Viktige hendingar

Kommunedirektør

Mykje av året har vore prega av handtering av koronasituasjonen, både i samband med handteringa og planlegging av handtering av utviklinga av pandemien. Parallelt med dei fleste av dei planlagt oppgåvene blitt gjennomført.

På hausten var det inngått sluttavtale med kommunedirektør, Rune Hovde. I perioden 23.september til 21. oktober vart kontorsjef og kommunedirektøren sin stedfortreder, Randi Rørvik Lillestøl, konstituert kommunedirektør. Etter denne perioden vart kommunalsjef skule og kultur, Hilde Løddøen konstituert fram til ny kommunedirektør er tilsett.

Verktøyet Framsikt har blitt tatt i bruk i fleire prosessar gjennom året, der i blant politikarmodul som gir ein tidlegare og meir aktiv involvering i budsjettet, og vidare utrulling til einingsleiarar som blir involvert på ein anna måte både i budsjettprosess og rapportering.

Økonomiavdeling

Overføring av skattefunksjon vart utsatt til 1.desember på bakgrunn av koronapandemien.

HR-avdeling

HR-avdelinga fekk ny leiar i 2020, og avdelinga nytta året til å forankre og kommunisere arbeidsoppgåvene og -fordelinga knytt til eininga. Avdelinga har leia og/eller medverka i fleire tunge digitale prosessar som td innfasing av RS, Compilo, HR-Chatbot, KS-læring og innhaldet i HRM og nytt intranett. Desse prosessane er tidkrevjande, men samstundes ei viktig investering for framtida. Oppfølging og stabilisering av prosessar knytt til pandemien prega fokuset i HR-avdelinga i 2020.

Plan- og næringsavdeling

Endringar i turiststraumane i sommarsesongen, som følgje av situasjonen rundt covid-19, førte til utfordringar blant annan innan toalett og renovasjon, trafikkavvikling og handheving av ferdselsrestriksjonar

Ein lang kuldeperiode i mai medførte stor avlingssvikt for frukt og bær, reduksjon mellom 30 - 50 %.

Utbrot av korona medførte utfordringar med å skaffe sesongarbeidskraft til landbruket

Bygg- og vedlikehaldsavdeling

Vaktmeisterane og reinhaldarane har gjort ein stor innsats i høve tilpasningar/tilretteleggingar av lokaler i samband med pandemien.

Først vart det arbeidd med tilrettelegging av teststasjon i Kuturhuset. Deretter ombygging på Storesunde skule, for oppretting av omsorgsbasis for smitta eldre, og på slutten av året ei større ombygging på Visnes industripark, for ny teststasjon. Særleg reinhaldarane har fått utvida sitt areal og auka frekvens, utan nok reell oppdekning av stillingar.

I tillegg fekk vi utført ein god del ekstraordinært vedlikehald som det ikkje var funne plass til i økonomiplanen, men som kunne realiserast på bakgrunn av ekstra tilskot frå staten.

Avdeling for service- og kommunikasjon

Året 2020 har vore krevande og utfordrande. Avdeling for Service og kommunikasjon har saman med andre tenester i kommunen, ansvar for kommunen sin informasjonen om koronaviruset. Dette gjeld publisering og utarbeiding av informasjonsmateriell. Koronasituasjonen krevde også fleire små og store IT prosjekt knytt til etablering dei ulike stadane for testing, vaksinerings og eininga som vart oppretta på Storesunde. Alle oppgåve knytt til koronasituasjonen er løyst innanfor ordinær bemanning. Situasjonen har krevd streng prioritering av oppgåvene, der mindre viktige oppgåver er nedprioriterte.

Då vi gjekk inn i 2020 hadde vi allereie på slutten av 2019, oppgradert møterom på kommunesenteret til nye og betre digitale løysingar for gjennomføring av møter. Dette viste seg å vere veldig nyttig når digitale møter vart regelen i mars 2020. Utover i 2020 vart fleire møterom oppgraderte og tilpassa digitale møter.

Tidlegare var heimekontor noko som berre var brukt av og til. I løpet av 2020 har avdeling for Service og kommunikasjon med sine IT ressursar vore viktig for at tilsette skal kunne ta i bruk heimekontorløysingane når koronasituasjonen krevde det. Etter ein hektisk innføringsperiode, fungerer dette no godt og heimekontopraksis kan etablerast på kort varsel.

Kommunen overtok sentralbordtenestene for Stryn Energi i mai 2020. Ordninga har fungert godt.

Status økonomi

Beløp i 1000

Tenestoområde	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
10-Politisk styring	4 206	4 615	4 277	-337	-7,9 %
11-Kommunedirektør	3 870	7 454	4 575	-2 879	-62,9 %
12-Økonomiavdeling	12 558	13 626	8 871	-4 755	-53,6 %
13-HR-avdeling	4 704	4 674	5 265	590	11,2 %
14-Plan- og næringsavdeling	9 441	8 765	8 461	-305	-3,6 %
15-Bbygg- og vedlikeholdsavdeling	46 385	32 780	36 744	3 965	10,8 %
16-Avdeling for service- og kommunikasjon	5 654	5 729	5 361	-368	-6,9 %
17-Fellestenester	141	75	81	6	7,7 %
18-Tru- og livssynsamfunn	5 754	7 360	7 398	38	0,5 %
Sum	92 714	85 078	81 033	-4 045	-5,0 %

Kommentar til status økonomi

Politisk styring

Orsaka til meirforbruk skyldast auke i tal poltiske møter gjennom året, og kostnadar knytt til dette. I tillegg vart det ekstra kostnadar knytt til sluttavtale med kommunedirektør.

Kommunedirektør

Området hadde eit stort meirforbruk i 2020. Orsaka til auka er knytt til meir lønsutgifter til kommuneoverlege i samband med handtering av korona, og kostnadar knytt til sluttavtale med kommunedirektør.

Økonomiavdeling

Avdeling Rekneskap/skatt har eit vesentleg meirforbruk i 2020 med bakgrunn i at tilsette på skatt ikkje vart overført til Staten før i november/desember. Meirkostnaden til løn til disse målt mot budsjett forklarar avviket. Meirkostnaden er kompensert av Staten men er inntektsført på "rammeoverføring".

Teneste IKT har også eit vesentleg meirforbruk - kr. 3,9 million mot budsjett og kr. 1.5 million mot rekneskap 2019. Kostnader til programvarelisensar, driftsavtaler og samarbeidet i det interkommunale samarbeidet har auka mykje. Det samla avviket må tilskrivast både feilbudsjettering og høgare kostnadsnivå. På bakgrunn av korona vart det også naudsynt å oppgradere og ta i bruk fleire digitale løysingar.

Skatteavdelinga er heilt ute av kommunen i 2021 og økonomiavdelinga er reindyrka den kommunale drifta. Ein må dykke djupt i talla for IKT-området og sikre korrekt 2022-budsjettering og analysere kvifor kostnadsnivået er som det kjem fram i 2020-rekneskapen. Det vil også vere nødvendig å gjennomgå 2021-budsjettet og vurdere budsjettendringar.

HR-avdeling

Mindreforbruket innan løn skuldast at ein budsjetterte for etablering av ei ny personalavdeling og det vart feilbudsjettert i samband med dette.

Avtalefesta bonus må budsjetterast med tanke på at alle som kan faktisk tek ut løn framfor fridagar.

Det vart også eit mindreforbruk innanfor forsikringspremie.

Plan- og næringsavdeling

Overforbruk ca 0,3 mill skuldast auka utgifter til ekstraordinære toalettløysingar.

Områderegulering Stryn sentrum vart ikkje ferdigstilt i 2020, blant anna på grunn av redusert kapasitet og som følge av covid 19. Tiltaket blir vidareført i 2021 og truleg avslutta 2. halvår 2021.

Bygg- og vedlikehaldsavdeling

Avdelinga har brukt ei del mindre totalt enn budsjettert. Hovedårsaka til det er at vi i 2020 fekk mange "ikkje planlagde" oppgåver, i samband med covid19.

Det er gjennomført alle tiltak som vart prioriterte etter vernerundane. Einaste tiltaket som ikkje er ferdigstilt, er utvida parkering ved Nordsida skule. Dette tiltaket vart slege saman med tiltak på teknisk, som gjeld veg/drenering i same område.

I tillegg har vi gjennomført fleire prosjekt som kom til i samband med at kommunen fekk tildelt ekstramidlar p.g.a pandemien.

Avdeling for service- og kommunikasjon

Meirforbruk i avdelinga er knytt til flytting av personell i organisasjonen utan at dette er korrigert med budsjettregulering mellom sektorane.

Tru- og livssynsamfunn

Overføringar til Stryn kyrkjelege fellesråd vart overført etter avtale og budsjett.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Stryn 2019	Stryn 2020	Stad	Gloppen	Kostragruppe 01	Vestland	Landet uten Oslo
Prioritet							
Administrasjon, kommune nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	5 173	6 061	5 521	5 543	4 797	4 643	4 566
Netto driftsutgifter Eiendomsforvaltning, kommune Utgifter for bygg forde	5 511,6	5 605,2	5 501,2	6 549,7	5 252,4	5 871,0	5 608,4
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,2 %	1,5 %	1,4 %	1,1 %	1,2 %	1,2 %	1,1 %
Næringsforvaltning, kommune nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	1 094	367	118	429	162	-266	-86
Politisk styring nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	500	495	557	463	484	360	378
Tilrettelegging og bistand for næringslivet brutto investeringsutgifter beløp pr innb (kr)	186	1 009	81	5	199	122	190
Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	1 290	489	336	137	99	132	80

Driftsutgifter på administrasjon har auka frå 2019-2020, og er høgare når vi samanliknar oss med andre kommunar. Det kan vere ei feilkjelde når det gjeld desse KOSTRA-tala på korleis Stryn har ført kostnadar mellom sektorane, så dette må gåast igjennom.

Når det gjeld driftsutgifter til eigedomsforvaltning ligg på eit normalnivå samanlkna med dei andre.

Driftsutgifter til kyrkje ligg vi litt høgare når vi samanliknar oss med andre kommunar og ei auke frå i fjor. Stryn kommune har mange kyrkjer og dette vil krevje meir driftsmidlar og midlar til vedlikehald også framover.

Når vi samanliknar oss med dei andre kommunene i Vestland og Kostragruppa ligg vi noko høgt når det gjeld driftsutgifter politisk styring.

Næringslivet i Stryn er viktig at ein ser at kommunen legg meir midlar i dette når ein samanliknar seg med andre kommunar.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år	Status	Beskrivelse
	1		
Nye tiltak			
Leiarutdanning	0	Ikke startet	Utsett til 2021/22 på bakgrunn av koronaviruset.
Nytt alarmsystem, barnevern, flyktning	75	Ikke startet	Prosjektet blir overført til budsjett for 2021.
Fagbrev på jobb	100	I arbeid	Korona og andre ytre forhold har medført utsetting av tiltaket.
Nytt telefonsystem	200	I arbeid	Prosjektet er i arbeid. Fasttelefoner er erstatta av mobiltelefoner og IP telefoner. Prosjektet blir sluttført i 2021.
Stilling som planleggar	200	Ikke startet	Ny stilling som arealplanleggar vart sett på vent, blir vurdert i 2021.
Bilstrategi "Grønt skifte"	250	Ikke startet	Arbeid med bilstrategi fekk ikkje nokon økonomiske konsekvenser i 2020
Oppvekstsenter Innvik	400	Ikke startet	Under planlegging
HMS og vernerunde	550	Ferdig	Alle mindre tiltak som vart vedtekne i samband med vernerundane, er gjennomført.
Sysselsettingsprosjekt	588	Ferdig	Leiar er tilsett
50118- Ny vaktmeisterstilling	610	Ferdig	Ny vaktmeister er tilsett.
Sum	2 973		
Sum tiltak	2 973		

Sjukefråvær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årleg sjukefråvær 2019	1,10 %	5,85 %	6,95 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,35 %	3,15 %	4,50 %

Sjukefråværet i sentraladministrasjonen blei redusert frå 6,95% i 2019 til 4,57% i 2020. Medan fråværet gjekk opp på arbeidsplassar der heimekontor er vanskeleg og kontakta med brukarar nødvendig, kan noko av nivået på fråværet forklarast med periodevis høg bruk av heimekontor der ein kunne arbeide på tross av td forkjøling. Likevel er det uventa at fråværet faktisk går ned. Ei årsak kan vere at ein gjennom alle smitteverntiltaka faktisk har dempa ein del smittkjelder til sjukdomar som tradisjonelt medfører fråvær. Vidare er det positivt at fråværet blant reinhaldarane blei redusert frå om lag 13% til vel 9%. Målet er å halde oppe fokus på dei faktorane ein ser er viktige for både å førebygge og styrke helsa blant tilsette i denne gruppa. Helsekontrollane som Bedriftshelse1 gjennomfører er viktige for å kartlegge desse faktorane.

Skule og kultur

Tenesteområdebeskriving

Skule- og kulturetaten

Skule- og kulturetaten dekker tenesteområda: Administrasjon skule og kultur, grunnskule, skulefri, barnehage, PPT, vaksenopplæring og kultur.

Stryn kommune skal vere ein god stad å vekse opp, bu og leve i. Barnehagar, skular, kultur- og fritidsaktivitetar er viktige i å sikre dette.

Kommunen har åtte grunnskular, der fem av dei har SFO-tilbod, åtte kommunale og ein privat barnehage, eiga PP-teneste, eit vaksenopplæringsenter for flyktningar/innvandrarar, kulturavdeling med ansvar for kulturhus/symjehall/idrettshall, kulturskule og bibliotek. Fem av skulane/barnehagane er organisert med samlokalisering av barnehage og skule med felles leing. Med ein desentralisert skule- og barnehagestruktur er det ganske store skilnader på tal barn/elevlar på dei ulike einingane.

Det var 320 tilsette i etaten, fordelt på 269 årsverk.

Per 01.10.2020 var det 900 elevlar i grunnskulen og 376 barn i barnehage - 119 under tre år, 257 over tre år.

Vi ønskjer bidra til at barn og unge får skapt gode opplevingar og relasjonar til heimstaden/kommune sin, slik at dei også i framtida ønskjer å bu og leve i Stryn kommune.

Administrasjon skule og kultur

Etter omorganiseringa av administrasjonen i kommunen er ein fem tilsette i skule- og kulturadministrasjonen. Ein har fagleg og organisatorisk ansvar for barnehage, skule og kultur. Kvart område har kvar sin leiar.

Grunnskule

Det grunnleggjande prinsippet i skulen er einskapsskulen, tufta på trivsel, likeverd og læring. Det vert lagt vekt på godt skulemiljø med relasjonsbygging og god klasseleing. Det opp i underkant av 20 % elevlar med minoritetsspåkleg bakgrunn. Tonning skule har elevlar frå 20 nasjonalitetar. Talet på elevlar med fleispråkleg bakgrunn har vore ganske stabilt i fleire år

Hausten 2020 tok skulane i bruk nye læreplanar, og implementering av desse var eit satsingsområde. Eit av dei tverrfaglege tema i dei nye læreplanane er berekraftig utvikling. Dette er og eit satsingsområde som vart starta opp i 2020. Skular har ulike områder dei har fokus på innanfor temaet. Covid`19 prega førre skuleår, og digital undervisning var brått ein del av skulekvardagen. Det viste seg at skulane ikkje var heilt godt nok rusta til å ha undervisning digitalt. Digitalisering av skulen har starta opp og vert arbeidd med framover. Elevane må bli rusta for for å delta i eit samfunn i stadig utvikling, slik at dei meistrar både utdanning og arbeidsliv.

Skulefri

Skulefritidsordningane har som hovudmål å legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa barna sine behov. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn og vere ein læringsarena for gode opplevingar og erfaringar. SFO hadde per 01.10.2020 159 deltakar.

Barnehage

Barnehagen skal i samarbeid med heimen, ta i vare barna sine behov for omsorg, leik, læring og sosial kompetanse. Barnets beste er eit grunnleggande omsyn. Gjennom helsefremjande miljø skal ein legge til rette for at alle barn får gode utviklingsmogelegheiter og får ein god start på den livslange læringa. Målet er å skape robuste barn som er best mogeleg rusta til å meistre skulegang og voksenalv.

PPT

Stryn kommune har eige PPT-kontor med fire fast tilsette. PP-tenesta gir råd og rettleiing til barnehagane, skulane og vaksenopplæringa i Stryn kommune, og har omlag 220 aktive saker.

PP-tenesta skal bidra til kompetanse- og organisasjonsutvikling i høve born og unge med særskilde behov. PP-tenesta syter for at det vert skrivi sakkunni vurdering der lova krev det. PP-tenesta har både individ og systemretta arbeidsoppgåver. PP-tenesta kan også bistå i skulemiljøsaker knytt til §9A

Vaksenopplæring

Stryn Vaksenopplæringsssenter har nye, trivelege lokale i Rognehaugen 11. Vaksenopplæringa har ansvar for opplæring etter vaksenopplæringslova, introduksjonslova/integreringslova og opplæringslova. Her får deltakarane opplæring i norsk- og samfunnskunnskap eller i grunnskulefag. Målet er å gje innvandrara gode norskkunnskapar, kunnskap om norsk samfunnsliv, formelle kvalifikasjonar og varig tilknytning arbeidslivet.

Kultur

Innanfor kultur har ein omlag 13 årsverk fordelt på 25 tilsette. Biblioteket er i samarbeid med fylkeskommunen/Stryn vidaregåande skule.

Stryn kommune skal tilby kunst- og kulturaktivitetar og opplevingar i eit breitt spekter og av høg kvalitet. Eit vitalt kunst- og kulturliv er nødvendig i eit moderne samfunn. Tilgangen til eit mangfald av kunst- og kulturopplevingar skal vere god og alle som ønskjer, skal ha høve til å uttrykke seg gjennom kunst og kultur. Kulturskolen er ein god start, og innfallspørt til eit aktivt kulturliv for ungdomen i Stryn der dei kan uttrykkje seg gjennom ulike aktivitetar.

Vi har som mål at innbyggjarar og tilreisande får gode opplevingar, god helse og livskvalitet gjennom dei kommunale tenestene, og idretts- og friluftstilbod. Stryn kommune skal stimulere sine innbyggjarar til auka deltaking, glede og meistring i kultur, idrett og friluftsliv.

Utvikling og utfordringar

Administrasjon skole og kultur

Det vart i 2019 starta ei felles satsing mellom Stryn kommune, fylkeskommune og næringslivet i Stryn: Stryn kommune - berekraftig samfunn i vekst og utvikling. Dette arbeidet har blitt sett litt på vent på grunn av Covid`19 utbrotet. Denne satsinga vert viktig å få realisert dei nærmaste åra. Målet er at strynesamfunnet skal ta sin del av ansvaret knytt til FN sine berekraftsmål. Her vil barnehage og det 13 årige skuleløpet få ei sentral rolle.

Grunnskule

Hovudutfordringa for skulane framover er nedgang i tal elevar. Nokon av skulane kan i løpet av dei neste åra bli 2-delt om ikkje ein klarer å auke elevtalet. Redusert elevtal vil på små skular kunne vere utfordrande i forhold til skulemiljø og sosialisering sjølv om elevane har det trygt og godt. Det gjer det nødvendig å sette inn tiltak for å motverke denne tendensen. Vi må få fleire til å flytte til Stryn kommune enn dei som flyttar ut. Vi må ha samfunn som gjev mulegheit for barnehage, skule, bustad og arbeid. Vi må ha varierte tilbod som er attraktive og tilpassa brukarane sine behov.

Dei største skulane har utfordringar i høve nok rom og plass. Dette for å kunne møte elevar med særskilde behov, variert undervisning og gruppedeling.

Å få auka tal kontaktlærar er eit mål for skulane. Kontaktlærar vert tildelt per 15 elevar på kvar skule. Dette kan føre til at ein kan få store grupper på 20 til 25 elevar per kontaktlærar.

Digitalisering i skulen er ei utfordring åra fram over. I samband med Covid`19 i 2020 så har ein opplevd at større bruk av digitale verktøy og løysingar har tvinga seg fram. Vi har starta på ei endring av måtar å gjennomføre opplæringa på. Den digitale utviklinga går fort og det er ei stor utfordring for skulane å følgje denne utviklinga. Bruk av digitale hjelpemiddel aukar og krav om datamaskiner til kvar enkelt elev tvingar seg fram. Vi treng også å ruste oss betre i høve digital heimeundervisning.

Stryn ungdomsskule har utfordring med gammalt skulebygg. Tiltak rundt skule bygget og utearealet er sett litt på vent i påvente av reguleringsplan for Stryn sentrum og vurdering av tiltak for skulen, evt. om det skal byggast ny skule. Forprosjekt for framtidig bruk av Stryn ungdomsskule/nærmiljøanlegg ligg i budsjettet for 2021.

Skulefri

Utfordringane i SFO heng saman med tendensen om nedgang i barne- og elevtal. I SFO ordningane utan for Stryn sentrum kan det bli utfordrande å oppretthalde om grunnlaget vert mindre og med minstekrav om 10 deltakarar.

Barnehage

Hovudutfordringa for barnehagane, er som i skulen nedgang i barnetal. Det er og at barnekulla kan endre seg forholdsvis mykje frå eit år til eit anna. Tiltrettelegging av arnehageplassar bør ta omsyn til barnetal og framtidige busettingsmønster. Overkapasitet i nokre barnehagar og for liten kapasitet i andre. Loen barnehage har ikkje plass til å ta imot alle barn busett der. Loen barnehage har nytta ei avdeling i Vikalida barnehage i 2020. Utbygging

Årsmelding 2020

av ei avdeling i Loen skulle starte opp i 2020, men vart utsett med oppstart i 2021. Stryn sentrum kan varierer noko mellom anna ut frå tal nye flyktningar. Barnehagar med ledig kapasitet kan fyllast opp gjennom løpande opptak i vårhalvåret (2021). Løpande opptak i barnehage og tilbod om plass til dei som ikkje har rett på plass etter lova er eit tiltak som har vore sett i verk i 2020. Blir vidareført i 2021.

Har i 2020 vore meir utfordrande enn tidlegare å få tak i vikarar på grunn av pandemien.

Barnehagane utviklar seg gjennom arbeid med Beste praksis, og no med overordna tema berekraftig utvikling.

PPT

PP-tenesta opplever at det har vorte fleire og meir krevjande saker i høve åtferd. Utfordringane i skulen gjennspeilar seg i PPT, og dei opplever fleire krevjande saker i høve skulemiljø, dette kan også vere verkandar av Covid`19.

PP-tenesta ser utfordringar og behov for at foreldre i større grad kan få tilbod om rettleiing og råd i kraft av forelderrolla. PP-tenesta opplever eit behov for eit tilbod til foreldre i ein tidleg fase før evt. tilvising til PP-tenesta eller andre hjelpeinstansar. og gjerne der tilbodet kan gje rettleiing i heimen i naturlege situasjonar som oppstår og som vert opplevd som krevjande i ein familie.

Ei form for tidleg tverrfagleg støtteteam som kan rettleie i ein tidlig fase, særskilt opp imot åtferd og utfordringar knytt til dette kan vere med på utvikle saman med andre kommunale tenester som eksisterar i dag.

Vaksenopplæring

Stryn Vaksenopplæringssettentervart flytta våren 2020 inn i nye lokaler, der no det meste av undervisninga føregår. Dei siste åra har skulen hatt stor auke av deltakarar som tek grunnskule for vaksne. Dette er svært positivt ettersom det gir fleire mulegheiter til vidare utdanning og arbeid for denne gruppa. Skulen har også ein kombinasjonsklasse på Stryn vidaregåande som er eit samarbeid mellom fylket og Stryn kommunen. Der går elevar frå 16-24 år med minoritetsspråkleg bakgrunn for å bli betre rusta til ordinær vidaregåande skule. Den største utfordringa vår er at det er lite forutsigbart kor mange deltakarar vi har frå år til år, og dette er vanskeleg både i forhold til lærarressursar og økonomi. Håpet er å kunne starte opp norskkurs for arbeidsinnvandrar hausten 2021.

Kultur

Året 2020 har, på same måte som for mange andre tenester i kommunen, vore spesielt. Tal arrangement, kinovisningar, stengde bibliotek, annleis og avkorta tilbod innan musikkskule er nokon av konsekvensane av pandemien. Dette kjem tydeleg fram gjennom tapte inntekter knytt til symjehall, kino og arrangement på kulturhuset. Ei positiv utvikling i 2020 er at Kulturhuset og kulturskulen har fått auka bemanning.

Viktige hendingar

Administrasjon skole og kultur

Den viktigaste hendinga i 2020 som ramma heile etaten var Covid`19 smitteutbrotet. Alt vart nedstengt i mars 2020. Skulane og barnehagane måtte ordne dagane med inndeling av barn og elevar i kohortar. Digital undervisning vart brått den ordinære undervisningsforma. Kulturhuset vart omtrent heilt stengt ned, og dei vart hardt ramma i høve gjennomføring av aktivitetar og utleige.

Ei enkeltstående viktig hending var Stryn vaksenopplæring som fekk flytte inn i heilt nye lokaler i mai 2020. Dei har fått ein flott skule.

Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
20-Administrasjon skole og kultur	2 277	2 294	2 024	-270	-13,3 %
21-Grunnskule	102 048	99 852	103 996	4 144	4,0 %
22-Skulefri	1 941	2 307	1 837	-470	-25,6 %
23-Barnehage	57 652	57 639	58 649	1 010	1,7 %
24-PPT	0	2 986	200	-2 785	-1391,9 %
25-Vaksenopplæring	2 091	2 288	986	-1 302	-132,1 %
27-Kultur	8 576	10 074	11 229	1 155	10,3 %
Sum	174 585	177 439	178 921	1 482	0,8 %

Kommentar til status økonomi

Rekneskapen for skule- og kulturetaten viser samla eit underforbruk på kr. 1.482.000, det tilsvarar 0,8 %. Det er likevel avvik på ein del område. Generelt kan avvik på dei ulike ansvarsområda knytast til omfang av vikarbruk ved sjukefråverer samt refusjonar som ikkje dekker alle utgifter. Det har også vore ein del manglande brukarbetaling og redusert tilskot.

Dei ulike tenesteområda har elles avvik mellom budsjett og rekneskap av ulike årsaker:

Grunnskule

Grunnskule har eit underforbruk på kr.4.144.000. Dette er at ein har hatt mindre utgifter og noko mindre lønsutbetalingar. Skular har vore flinke til å følgje budsjetta sin sjølv om det har vore eit krevande år. Dei aller fleste ligg heilt opp til 100% forbruk. Nokon litt under, andre litt over. Skulane vart tilført tilskot frå staten som var knytt til Covid`19. Dette gjekk i hovudsak skal gå til å auke bemanning i sårbare barn og verktøy til digital undervisning. Alle skular har overforburk på løn. Fem av grunnskulane er organisert som oppvekstsenter saman med barnehage og SFO. Desse rekneskapa må sjåast noko i samanheng grunna felles innkjøp og stordriftsfordelar, men her er målet å bli noko betre på fordeling av utgifter.

Skulefri

Her er små budsjett, og brukarbetaling og sjukefråverer gjer store utslag. SFO har ei manglande inntekt på 1,2 millionar. Dette er manglande brukarbetaling knytt til Covid`19. Samla har SFO eit overforbruk på kr 470.000 først og fremst grunna manglande brukarbetaling. Lova har ikkje andre føringar enn at bemanninga må vere forsvaleg. Kommunen si bemanningsnorm seier ein vaksen per 14 elevar, men grunna nokre særleg krevjande brukarar, har ein i periodar måtta auka opp for å oppfylle lova om

forsvarleg bemanning. Det er også noko færre brukarar som gjev mindre inntekter i form av redusert foreldrebetaling.

Barnehage

Her har ein eit overforbruk på kr.1.010.000: Halvparten av dette er knytt til løn. Elles hadde kommunale barnehagar ei manglande inntakt på omlag 2 millionar, dette vart dekt inn i reduserte utgifter. Private barnehagar har eit lite overforbruk. Det er no ei privat barnehage og tildelingane er gjort ut frå dei retningslinjene som er gjeldane. Elles er det forklarlege avvik i dei ulike barnehagane, endra barnetal og mindre brukarbetaling, fosterheimsbarn med og utan refusjon, samhandling på oppvekstsentra. Barnehagane har vore flinke til å følgje budsjetta sin sjølv om det har vore eit krevande år. Styrka barnehage må sjåast i samheng med barnehage.

PPT

Er no eit kontor som har sine arbeidsoppgåver i Stryn kommune. Endingar i interne føringar mellom einingane i eigen sektor gjer at dette budsjettet burde vore justert, og dette vil bli retta opp i for 2021.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæring har eit ganske stort avvik Denne tenesta er i stor grad finansiert gjennom opplæringstilskot frå IMDI. Det har dei siste åra vore svært uforutsigbart kor mange flyktningar som buset seg. Skulen er rigga for å ta i mot vedtekne tal flyktningar. Det kom færre tal flyktningar enn forventa i 2020. Det kom 16 personar, av desse var det berre 10 personar utløyste tilskot.Vedtaket om å auke busettinga til 25 personar vart ikkje oppfylt i 2020 og inntektene er ca 1,2 millionar mindre enn budsjettet. Vaksenopplæringa fekk også redusert brukarbetaling med kr. 260 000. Fekk ikkje fått avvikla norskkurs for arbeidsinnvandrarar på grunn av Covid-19. Utgiftene er auka, dette skuldast at ein har måtte sette midlar på fond. Desse skal nytast i samarbeid med andre i fylket. Avviket er totalt på kr. 1 301 800 for vaksenopplæringa.

Kultur

Kultursektoren har vore gjennom ein del endringar siste åra, både organisatorisk og i leiargruppa. I 2020 vart det tilsett ny rektor i kulturskulen. Kulturskulen fekk tilført ein auke på 40% stilling. Kulturhuset fekk også auka stilling med 50 %. Då Covid`19 smitten braut ut i mars vart mykje av aktiviteten i kulturhuset, symjehall og Strynehallen stengd ned. Kulturhuset vart nytta til legekontor/testkontor, dette ført til at kulturhuset fekk redusert tilbud og reduserte inntekter. Kinoen fekk ei manglande inntekt på kr. 350 000. Kulturhuset fekk manglande brukarbetaling på kr. 1.279.600, men klarte å redusere utgiftene nesten tilsvarande. Reduksjonen på utgifter var stort sett knytt til drift. Der med vart overforbruket i underkant av kr. 200.000.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Stryn 2019	Stryn 2020	Stad	Gloppen	Kostragruppe 01	Vestland	Landet uten Oslo
Prioritet							
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	2 599	2 174	2 230	3 669	1 930	2 641	2 514
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	23,9 %	24,3 %	22,1 %	22,6 %	23,5 %	22,9 %	22,4 %
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	156 934,0	167 066,0	160 577,0	190 505,0	166 308,0	170 396,0	167 862,0
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kultur og idrett (B)	2 599	2 174	2 230	3 669	1 886	2 601	2 477
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	108 149,2	109 634,3	96 969,6	110 667,1	99 370,1	96 007,9	93 202,9
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	129 077,3	132 547,0	116 372,2	136 027,7	123 785,3	121 638,9	116 610,7
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	1 969	2 087	2 591	5 191	2 845	2 658	2 624
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	1 969	2 087	2 591	5 191	2 846	2 662	2 618
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	5 778,8	7 518,4	3 898,9	6 583,6	5 779,4	6 830,8	6 180,4
Produktivitet							
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	15 393	14 794	19 873	30 558	16 697	21 964	20 908
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker	30 413	30 440	26 159	34 912	30 795	30 782	31 441
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	127 505	133 025	125 684	132 843	130 167	127 206	123 462
Dekningsgrad							
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	6,4 %	6,9 %	5,6 %	8,6 %	8,4 %	7,5 %	7,8 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	19,8 %	8,2 %	5,4 %	3,2 %	3,0 %	5,2 %	4,7 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	46,0 %	48,5 %	29,3 %	35,7 %	48,0 %	56,7 %	54,7 %
Kvalitet							
Besøk i folkebibliotek per innbygger	5,7	4,1	2,9	8,3	1,9	2,4	2,7
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10. årstrinn	10,5	10,6	10,4	10,6	12,3	12,5	12,8

Desentralisert skulestruktur og auka behov for spesialundervisning og oppfølging av elevar med særskilde behov, er med på gjere driftsutgiftene forholdsvis høge i Stryn. Samanliknar ein med Kostragruppe 01, Vestland og landet elles, så er utgiftene ein del høgare i Stryn. I forhold til nabo kommunane er vi litt over Stad og rett under Gloppen i høve netto driftsutgifter til

Årsmelding 2020

grunnskule. Grunnskulesektoren i Stryn har høgaste utgifter i prosent i forhold til samla netto driftsutgifter, og brukar mest per elev i forhold til grunnskule, skulebygg og skuleskys.

Fem skular har skulefritidstilbod(SFO). Stryn har her klart høgast driftsutgifter. Grunnar til dette er at tilbod våre er små og sårbare i forhold til bemanning. Som i skulen så har det vore ein auke i barn med særskilte behov. I nokre tilfeller fører dette til auka bemanning.

Barnehagane driv effektivt utfrå fastsett bemanningsnorm. Stryn ligg om trent heilt likt med landet og Kostragruppe 01, og litt under Vestland fylke. Nokre einingar kan ha litt ledig kapasitet og bemanning. På dei einingane som er samlokalisert med barnehage, skule og/eller SFO kan ressursar sjåast i samanheng og nyttast godt.

Driftsutgiftene til kultursektoren har i 2020 gått ned i høve fjoråret. 2020 har vore eit spesielt år der t.d kino, symjehall og kulturhus har vore stengt ned i lengre/ kortare periodar. Det har ført til både reduserte inntekter og driftsutgifter.

Kulturskulen har ein liten auke, men vi ligg ein del under dei vi samanliknar oss med. Det vert arbeid målretta for å rekruttere fleire elevar til kulturskulen. Elevtalet låg i snitt rundt 140 elevar. Utgifter per elev gjekk litt ned og er lågast i forhold til dei vi her samanliknar oss med. Kulturskulen har også desentraliserte tilbud i Olden, Vikane og Oppstryn. Auka undervisning i grupper har innverknad på kostnad per elev.

Besøkstalet for biblioteket per innbyggjar gjekk ned i 2020. Nedgangen var på 1,6, frå 5,7 til 4,1. Dette er nok ein naturleg nedgang når ein ser det opp mot tiltak knytt til Covid`19. Besøkstalet er framleis godt i høve fylket og landet generelt. Biblioteket driv godt og arbeider heile tida mot utvikling. Meirope bibliotek gjer at ein kan låne bøker sjølv om biblioteket er stengt.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskrivelse
Nye tiltak		
66055: Ny bygdebok	25	I arbeid Fondsmidler er utbetalt, kr 261 000.
66147: Drift av Dagsturhytta	30	I arbeid 10 000 per år
Abonnement tilskuddsportalen	50	I arbeid Fast utgift
62156: Symjeopplæring heile året	54	I arbeid Er lagt inn som eit fast tiltak i økonomiplanen
66144: Strynehallen drift/utstyr	100	I arbeid Er vidareført som fast sum i budsjettet
"Løpande opptak" i barnehage	250	I arbeid Vert brukt gjennom året innanfor ramma
66149: Kulturhus - ny stilling 50 %	289	I arbeid Årleg utgift
Driftstilskot til turløyper og idrettsanlegg	300	I arbeid Driftstilskotet er delt ut
Sum	1 098	
Sum tiltak	1 098	

Tiltaka i økonomiplanen er sett i verk, og tiltaka vert realisert innan for rammene.

Grunnskule

I Olden skule vart nytt golv i gymsalen ferdigstilt våren 2020, og det vart starta opp arbeidet med parkeringsplass knytt til Nordsida skule og barnehage. Dette vert ferdigstilt i 2021.

Opparbeiding av uteområdet ved Stryn ungdomsskule vart sendt på vent i påvente reguleringsplan for Stryn sentrum.

Barnehage

Tonning barnehage har fått ferdigstilt ei oppgradering av deler av utearealet.

Oppstart utbygging av ei avdeling ved Loen barnehage vart utsett til 2021 på grunn av avklaringar rundt flaum og rasfare.

Løpande opptak i barnehage vart gjennomført.

Kultur

Auka driftstilskot på kr. 300 000 til turløyper vart gjennomført. Totalt vart det delt ut kr. 900 000.

Fondet til Bygdeboka er utbetalt i si heilheit i 2020, kr. 261 000.

Sjukefråvær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årleg sjukefråvær 2019	1,59 %	3,88 %	5,47 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,01 %	4,89 %	6,90 %

I skule- og kulturetaten har vi samla eit relativt lågt sjukefravær med 6,90% i 2020, sjølv om det er ein markert auke i frå 2019(5,74%). 2020 var eit veldig spesielt år med Covid`19 utbrot. Det ser ein har påverka tala for sjukefraværet. For mange har smitteverntiltak og usikkerheit i arbeidet vore utfordrande. Det har vore krevjande å stå i arbeid, og når noko vert sjuke så har det blitt i periodar endå meir belastande for dei som er på jobb. Innanfor skule og SFO har det ikkje heile tida vore så lett å få tak i vikarar. I mars gjekk sjukefraværet opp i grunnskulen, det same skjedde i september/oktober. Dette forklarast i nye reglar som vart innført i forhold til smittevern. Grunnskule har hatt eit lågt sjukefravær over tid, men gjekk frå 4,45% 2019 til 6,13% i 2020. Fokus på tiltak for å halde nede sjukefraværet må halde fram uavhengig av om sjukefraværet går opp eller ned. Vaksenopplæring har også i 2020 eit lågt sjukefravær . Skulefri har eit samla sjukefravær på 7,72% - vesentleg langtidssjukefravær. Kultur og PPT har hatt ein forholdsvis stor auke. Innan kultur var sjukefraværet 10,09 %, ein auke på nesten 8%.

Å skape, og ta vare på godt arbeidsmiljø er ein kontinuerleg prosess som ein aldri kan sleppe taket i. Sjukefraværet er av ulike årsaker, arbeidsmiljørelatert sjukmelding må hindrast gjennom arbeidsmiljøarbeid på arbeidsplassen. Bedriftshelsetenesta er viktig støttespelarar i arbeidet med arbeidsmiljøtiltak.

Skule- og kulturetaten har samla eit relativt lågt sjukefravær med 6,90% i 2020, sjølv om det er ein markert auke i frå 2019(5,74%). 2020 var eit veldig spesielt år med Covid`19 utbrot. Det ser ein har påverka tala for sjukefraværet. For mange har smitteverntiltak og usikkerheit i arbeidet vore utfordrande. Karantenedagar knytt til sjukdomssymptom og testing har ført til ekstra fråvær. Det har

vore krevjande å stå i arbeid, og når noko vert sjuke så har det blitt i periodar endå meir belastande for dei som er på jobb. Innanfor skule og SFO har det ikkje heile tida vore så lett å få tak i vikarar. I mars gjekk sjukefråværet opp i grunnskulen, det same skjedde i september/oktober. Dette forklarast i nye reglar som vart innført i forhold til smittevern. Grunnskule har hatt eit lågt sjukefravær over tid, men gjekk frå 4,45% 2019 til 6,13% i 2020. Fokus på tiltak for å halde nede sjukefraværet må halde fram uavhengig av om sjukefråværet går litt opp eller ned. Vaksenopplæring har også i 2020 eit lågt sjukefravær . Skulefri har eit samla sjukefravær på 7,72% - vesentleg langtidssjukefravær. Kultur og PPT har hatt ein forholdsvis stor auke. Innan kultur var sjukefråværet 10,09 %, ein auke på nesten 8%.Det er forholdsvis få tilsette i kultur og PPT og sjukefråvær kan føre til store utslag. Fråværet både i PPT og kultur er knytt til langtidssjukefravær.

Helse og sosial

Tenesteområdebeskriving

Helse- og sosialsektoren er ein stor sektor med samansette og omfattande oppgåver som er viktige for velferdstilbodet til innbyggjarane i Stryn kommune. Sektoren er delt inn i 4 tenesteeingar. I tillegg er det 3 avdelingar som ligg rett under kommunalsjef.

Administrativ leing av sektoren er samansett av kommunalsjef og nestleiar.

Eining for pleie- og omsorgstenester er inndelt i 2 geografiske områder:

- Stryn
- Vikane

I begge områda er det insitusjonsplassar, heimesjukepleie, praktisk bistand, aktivitetstilbod/dagsentertilbod og kjøkkendrift. I tillegg har Stryn omsorgssenter 2 avdelingar med heildøgns tilsyn og pleie.

Eining for miljø- og velferdstenester yter tenester til personar med utviklingshemming og personar med psykisk helse- og ruslidingar. I eininga er det følgjande avdelingar:

- psykisk helse og rus
 - samtaletilbod v/ psykisk helsearbeider inkl. psykisk helsearbeidar barn og unge
 - aktivitetstilbod
 - heimetenester
- arbeidssenter for funksjonshemma
- bufellesskap/oppfølging i heimen, funksjonshemma
- avlastningsbustad

Eining for helsetenester har følgjande tenestetilbod:

- legekontor, lokal daglegevakt og interkommunal legevakt kveld og helg
- kommunale og privatpraktiserande fysioterapeutar inklusiv frisklivssentral
- helsestasjon- og skulehelseteneste inklusiv jordmorteneste

Avdelingane **barnevern, flyktingtenesta og NAV (kommunale tenester)** er eigne avdelingar som yter tenester innan sine fagfelt.

Stryn kommune er med i ulike interkommunale samarbeid. Dette gjeld krisesentertilbod, overgrepsmottak, kreftkoordinator, psykologteneste, øyeblikkeleg hjelp døgnplassar (ØDH) og folkehelsearbeid. I tillegg vert det ytt støtte til ulike organisasjonar som er plassert under Helse- og sosial. Dette er SMISO og Frivilligsentralen.

Helse- og sosial har tildeling og utleige av kommunale bustadar, samt ansvar for skjenkesaker og låne- og tilskotsordningar frå Husbanken.

Utvikling og utfordringar

Helse- og sosialetaten er ein etat som både ynskjer og må utvikle seg kontinuerleg. Nasjonale føringar i form av lover, forskrifter, stortingsmeldingar m.m. set standard for tenesteytinga. I tillegg kjem brukarane si røyst og tilsette sin fagkompetanse som også er med å formar standar og utføring av tenestene.

I dei seinare åra har kommunane fått stadig større ansvarsområder, og oppgåver er flytta frå stat til kommune. Pasientar og brukarar får stadig større rettigheter i mottak av tenester. Dette ser vi som viktig og godt for tenestemottakarane, og vi har eit sterkt ynskje om å innfri høg grad av brukarmedverknad. Vi ser likevel at dette skaper eit behov for fleksibilitet i tenestene som kan vere vanskeleg å foreine med knappe rammar og ressursar. Likeeins ser vi at kompleksiteten i mange av sakene vert større, pågangen til bl.a. psykisk helse er stor, vi ser auke i tal demente, pasientar vert skrivne tidleg ut frå sjukehus med forventning om at kommunen innfrir omsorg og behandling, rehabiliteringspasientar skal få nødvendig opptrening, osv.

Etaten står overfor ei forventning til utvikling som skal effektivisere og optimalisere tenestene samtidig som vi skal ta unna oppgåver og gje nødvendige helsetenester i dagleg drift. Denne kombinasjonen kan kjennes i største laget for mange av dei tilsette. Det er stort arbeidspress på dei tilsette. Eg vil her særleg nemne avdelingsleiarane som sit i grensesnittet mellom brukarkontakt og dagleg ansvar for effektivisering og utvikling.

Etaten sine hovudutfordringar er:

REKRUTTERING

Vi har i fleire år hatt utfordring med rekruttering. Dette har gjort seg gjeldande i 2020. Legar har vist seg umuleg å rekruttere dette året til trass for stor og kreativ innsats på dette området. Dette skaper store utfordringar for legekantoret og dei legane vi har. Det går sterkt utover innbyggjarane som står på legelister der vikarlege er "fastlege".

Vidare slit vi med sjukepleiarressursar. Vi har måtte nytte vikarbyrå innan pleie- og omsorgstenestene på grunn av manglande søkjarar til ledige sjukepleiarstillingar. Vernepleie- og psykologkompetanse er eit anna kritisk område.

I åra som kjem vil vi truleg ha enno større utfordringar i å rekruttere. Då vil dette også gjelde helsefagarbeidarar. Vi ser at mange med denne kompetansen vert pensjonistar innan kort tid, og det vil vere utfordrande å få rekruttert nye.

Pr. i dag har vi for mange ufaglærte i tenestene våre fordi vi ikkje får rekruttert fagkompetanse.

Ut frå prognosane vil vi bli mange fleire som treng tenester og mange færre som kan yte desse tenestene. Dei tilsette vil truleg måtte jobbe enno raskare og smartare for at vi skal kunne yte forsvarlege tenester.

RESSURSAR

Det er ei knappheit på ressursar. Rammene til etaten må auke i takt med endring i demografien. Etaten har høgt sjukefråvær. Det vil vere for enkelt å konkludere med at sjukefråvær har direkte samband med ressursmangel, men det kan synes som, og er meldt tilbake frå dei tilsette, at dette er ein sannsynleg årsak.

Sett frå kommunalsjefen sin ståstad er det avdellingsleiarane i pleie- og omsorgstenestene og miljø- og velferdstenestene som står næraste ressursmangelen i kvardagen.

Under dette punktet vil eg også nemne utfordringane vi har med deltidstillingar, særleg innan tenestene som vert ytt ved turnusarbeid.

DIGITALISERING

Vi både vil og må ta innover oss at vi lever i ei verd som er på full fart inn i ei digital verd. Det skjer mykje på det digitale området. Tenester vert skytenester, det vert auka krav innan informasjonstrygghet, teknologi skal avløyse menneskelege ressursar m.m. Eksempel er Digi Vestland, AKSON, skybaserte fagprogram og velferdsteknologi med responsløyningar. Dette vil vere til avgjerdande hjelp i framtidig tenesteyting. Det krev likevel kompetanse til å henge med i digitaliseringsprosessane. Mange prosessar vil i ein periode krevje meir ressursar ved innføring av løysingane før vi ser gevinsten av desse. Vidare ser vi at løysingar kostar å delta i, noko som vil skape press på allereie stramme rammer.

TENESTER TIL BARN OG UNGE

Barnevernreforma trer i kraft 2022. Dette er ei reform som etter kvart vert sett på som ei kommunereform. Dette fordi det ikkje først og fremst handlar om barnevernteneste, men at kommunen skal ha eit så godt førebyggjande arbeid at saker ikkje skal gå over til å bli barnevernsaker. Barn og foreldre skal få hjelp på eit tidlegare stadium. Dette krev kompetanse og ressursar innanfor alle tenester som har barn og unge som si målgruppe, og det krev eit betre tverrfagleg samarbeid enn vi kan seie å ha i dag. Det vil særleg kreve kompetanse og ressursar innanfor tiltaksarbeid.

Dersom det likevel kjem så langt at det vert sak for barneverntenesta, vil kommunen etter lovendringane i barnevernreforma få eit mykje større ansvar ved tiltak i og utanfor heimen. Kommunen får overført ansvar for fosterheimsarbeidet, og institusjonsplass vil ha ein så høg pris at dette er ei løysing kommunen ikkje bør velje verken med tanke på ungdomen sjølv eller kostnaden.

OMSORGSBUSTADAR OG INSTITUSJONSPLASSAR

I åra som kjem vil vi bli fleire eldre, og eldre vil leve lenger. Måsetjinga er at alle skal få bu i heimen sin så lenge som muleg. Dette krev tilrettelegging av bustad og hjelpemiddel. Prosjektet kvardagsrehabilitering set fokus på dette. Det same gjeld tiltak som "Førebyggjande heimebesøk". Det krev kompetanse og ressursar til å arbeide innan dette feltet dersom vi skal lukkast. Tilstrekkeleg ergo- og fysioterapiressurs er viktig i dette arbeidet.

Det vil likevel vere nokon som har behov for omsorgsbustad med bemanning og institusjonsplass. Institusjonsplass gjeld i særleg grad demente som har rett til eit verdig liv også etter at dei ikkje lenger kan klare seg i kvardagen i heimen sin. Vi må setje fokus på korleis vi vil løyse dette i Stryn kommune.

Viktige hendingar

Året 2020 starta med visjon om å jobbe med mykje utviklingsarbeid. Bl.a. vart det dei første månadane jobba med planarbeid: kommunedelplan, revidering av rusmiddelpolitisk handlingsplan, kompetanseplan for etaten, oppstart av bustadsosial handlingsplan i høve deltaking i nettverk om aldersvennlege bustadar, plan for kvalitetsreforma "Leve heile livet" og ny rammeplan for psykososialt kriseteam. I tillegg var vi i full gang med utvikling og bruk av velferdsteknologi.

Så kom koronapandemien og snudde opp ned på det meste. Vi måtte raskt skifte fokus og handtere heilt andre situasjonar, og førebu oss på til dels uverkelege scenario. Etaten fekk på plass kontinuitetsplan, vi vurderte ulike former og alternativ for tenesteyting innan pleie- og omsorgstenestene, vi måtte skrive rutinar for besøk i sjukeheim, vurdere former for isolasjon med midlertidig institusjonsdrift for personar med utviklingshemming, stenging av arbeidssenter og alternative tenester, heimekontor for tilsette i ulike avdelingar som NAV, barnevern, psykisk helsearbeidarar m.fl. Vidare måtte flyktingtenesta rigge for digital oppfølging av deltakarar i introduksjonsprogram og møter mellom avdelingar og etatar måtte skje digitalt. Ikkje minst krevde det store og raske avgjerd innan drift av legekontor, testing og smittesporing. Det vart oppretta eigen luftveisliknisk for testing og konsultasjon av pasientar med luftvegssymptom. Vidare vart det oppretta kohortavdelingar for pleietrengande, leiligheiter for isolasjon og karantene m.m. Sett i ettertid vart det gjort ein fantastisk innsats på alle nivå.

Den ordinære drifta måtte også gå vidare, og mykje av det påbegynte arbeidet heldt fram til trass for pandemien. Vi fekk fullført rammeplanen for psykososialt kriseteam, rusmiddelpolitisk handlingsplan og plandokumentet for Leve heile livet-reforma. Kompetanseplan vart slutført. Vidare fekk vi fulgt, men ikkje slutført, læringsnettverket innan aldersvennlege bustadar. Dette nettverket går vidare i 2021. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg har ikkje vorte jobba vidare med i 2020 etter arbeidet vart stoppa på grunn av pandemien i mars.

Det er særskilt to prosjekt som har krevd mykje tid for helse- og sosialeiinga. Dette er deltaking i Alarmsentralen si faggruppe om innkjøp av responscenterløyse og leverandør av velferdsteknologi, og planlegging av ombygging av Vikane omsorgssenter.

I tillegg er etatsleiar leiar av Nordfjord sitt kommunalsjefnettverk samt leiar i Helse- og sosialutvalet i gml. Sogn og Fjordane. Ved desse verva har det bl.a. også gått tid som representant i ulike arena innan samhandling med spesialisthelsetenesta, bl.a. prosjektmedlem i Prehospital plan fase 3.

Andre viktige hendingar i avdelingane, meldt inn av leiarane, har vore:

Flyktingtenesta:

I 2020 var kommunen anmoda om, og sa ja til å ta imot 25 flyktingar. Vi busatte 16+1* personar. * Eit barn født etter busetting som utløyse integreringstilskudd.

Av dei 16 som kom til Stryn var 10 voksne og 6 barn under 18 år.

Barneverntenesta:

Drifta har vore operativ heile året. Men Covid 19 har vore utfordrande kring avviking av samvær mellom fosterbarn og foreldre, tiltak inn i heimen, gjennomføring av heimebesøk og observasjonar i undersøkingar. Barneverntenesta har ikkje fått inn fleire bekymringsmeldingar som direkte følge av Covid 19. Ein ser at familiar som har streva før, strevar meir når det har vore nedstenging. Samarbeid med skule og barnehage i denne perioden har vore upåklageleg.

Sosiale tenester i NAV:

Utviklingsprosjektet i Nordfjord

Den viktigaste hendinga i 2020 – med unntak av korona – har vore utviklingsprosjektet i Nordfjord. Vi har brukt heile 2020 på å sjå på kva tenester vi kan jobbe nærare på for å kunne levere betre tenester til næringslivet samt sikre arbeidskraft med rett kompetanse som dei etterspør. Dette til det beste både

for næringslivet og ikkje minst for den einskilde brukar – også dei som mottek sosialhjelp i kortare eller lengre periodar. Prosjektet har ført til at vi i starten på 2021 endrer organiseringa i kontoret med tanke på betre tenester til brukarane våre. Utviklingsprosjektet held fram i 2021 og truleg vil ein då sjå nærare på dei sosiale tenestene i Nordfjord. Korleis kan vi løse dei utfordringane vi står over – særleg med tanke på auke av gjeldssaker.

Helsetenester:

Legekontor

- Hausten 2020 vart det kunngjord ny sjukepleiarstilling ved legekontoret. Sjukepleiar tiltrer 1. april 2021.

Fysio- og ergoterapiavd.

- Kvardagsrehabilitering gjekk frå å vere prosjekt til dagleg drift. Har faste møtepunkt mellom fysio- og ergoterapiavd. og heimesjukepleie i Innvik og Stryn.
- Fekk oppretta tilbod om fallførebyggjande trening for eldre (Sterk og Stødig) i både Olden og Innvik i tillegg til Stryn.

Helsestasjon

- Helsestasjons- og skolehelsetjenesten har overtatt smittearbeid fra legeressurs: eks. tuberkuloseundersøkelse, MRSA-screening

Miljø- og velferdstenester:

Tenester funksjonshemma

- Året har vore prega av covid-19.

Psykisk helse og rus

- Psykisk helsearbeidar har hatt stor pågang av samtaler, ein har klart å ta unna utan å bruke venteliste.

Pleie- og omsorgstjenester:

Året har vore mykje prega av covid-19. Særleg med tanke på å hindre smitte i institusjon, her under besøksordningar, korhortar innan institusjonane m.m.

GRUPPER OG FORUM

Vi har både prosjektgrupper og faste grupper/forum som arbeider med ulike tema gjennom året. Her kan nemnast

- Demensteam som arbeider jamnleg med utvikling av tenester til demente
- Førebyggingsforum med fokus på tverrfagleg samarbeid rundt ungdom. Her deltek i tillegg til kommunale representantar også politi og vidaregåande skule.

- Konsultasjonsteam - tverrfagleg gruppe av tenesteytarar til barn og unge som har jamnlege møter med spesialistehelsetenesta
- Arbeidsgruppe Vold i nære relasjonar som arbeidar med rutinar og tryggingarbeid for mennesker som vert utsett for vald
- Leve heile livet som arbeider med implementeringarbeid av eit aldersvennleg samfunn
- Implementering av velferdsteknologi. Prosjektgruppe som har fokus på å ta i bruk velferdsteknologi, finne rett teknologi, gjere gevinstrealiseringsananlysar, jobbe med kulturendring ved nye arbeidsmetodar m.m.
- Kvardagsrehabilitering som har fokus på å at brukarar meistrar eigen kvardag i eigen heim
- Psykososialt kriseteam - beredskapsteam som bistår i arbeid ved hendingar der det vert krevd psykososial innsats

KOMPETANSEUTVIKLING

Vi har fleire i etaten som deltek i ulike kompetanseløp. Det er gledeleg at fleire avdelingsleiarar starta på leiarutdanning hausten 2020. Arbeid med kompetanseplan vart slutført i 2020, noko vi trur vil setje sterkare fokus på nødvendige og ønska kompetansetiltak i framtida.

Status økonomi

Beløp i 1000

Tenestoområde	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
30-Administrasjon helse og sosial	5 636	6 597	7 196	600	8,3 %
31-Flyktingtenesta	-7	7 720	8 891	1 170	13,2 %
32-Pleie- og omsorg Vikane	37 325	36 772	35 749	-1 024	-2,9 %
33-Pleie- og omsorg Stryn	69 789	68 862	65 768	-3 094	-4,7 %
34-Miljø- og velferd	46 062	47 056	46 756	-300	-0,6 %
35-Helsetenester	21 704	26 536	20 931	-5 605	-26,8 %
36-Kommunale bustadar	-9 281	-8 914	-10 552	-1 638	-15,5 %
37-Sosiale tenester (NAV)	3 821	5 352	6 669	1 317	19,8 %
38-Barnevern	9 383	8 143	7 222	-921	-12,8 %
Sum	184 433	198 125	188 630	-9 495	-5,0 %

Kommentar til status økonomi

Helse- og sosialetaten gjekk med samla meirforbruk på 9,5 mill. Store delar av dette skuldast etaten sine store kostnader knytt til koronapandemien. Samla koronarelaterte utgifter var på kr. 7 500 000. Størst utslag var innan legetenesta.

Helse- og sosialadministrasjonen hadde eit mindreforbruk på ca kr. 600 000. Hovudårsaka var mindre utgifter til psykologteneste grunna problem med rekruttering, samt noko endring av personalekostnader til anna avdeling som ikkje vart korrigert i budsjettet for 2020.

Flyktingtenesta hadde mindreforbruk. Dette på grunn av at vi ikkje fekk ta imot så mange flyktingar som det var budsjettert for, og dermed mindre utbetalt introduksjonsstønad. Dette mindreforbruket vil ha samanheng med lavare integreringstilskot.

Pleie- og omsorgstenester område Vikane hadde meirforbruk på ca. 1 000 000. Av dette utgjorde koronarelaterte utgifter ca kr. 300 000,-. Viktigaste årsaker til overforbruk på området er:

- vakant sjukepleierstilling som medførte bakvakt og overtid for blandt anna utrykking

- kjøp av vikarteneste
- lønn for 1 ekstra lærling då vedkommande fekk utvida læretid.
- skader på bil i heimesjukepleien.

Pleie- og omsorgstenester område Stryn hadde eit meirforbruk på ca kr. 3 100 000. Koronarelaterte kostnader var på ca kr. 800 000,- Hovudårsak til meirforbruk på området er:

- Ressurskrevjande brukar i institusjon hadde frå juni mnd 1:1 bemanning gjennom heile døgnet. Det er gir ei merutgift inkl tilleggslønn og sosiale utgifter på omlag kr. 700 000,-.
- Generelt høgt sjukefråvær og mangel på personale med medisinkompetanse. Noko som og har ført til høg bruk av overtid.
- Det har vore nytta vikarbyrå gjennom heile året

Miljø- og velferdstenester har eit meirforbruk på kr 300 000,-. I tenestene har det vore leigd inn ekstravakt på helg pga brukarar med auka behov i løpet av året, det har vore auke i avlastningstiltak og det har vore kostnader i høve sjukefråvær. Meirforbruket er likevel ikkje høgare enn dette då vi mottok meir i refusjon for ressurskrevjande brukarar enn budsjettert. Miljø- og velferdstenester har hatt koronarelaterte utgifter på ca. kr. 600 000.

Helsetenester har eit meirforbruk på kr. 5 600 000. Av dette utgjer koronarelaterte utgifter ca same sum som overforbruket. Det har likevel vore overforbruk på legekontoet på grunn av kjøp av vikartenester, men på grunn av inntekter og mindreforbruk på andre områder går eininga samla sett i balanse dersom ein trekker ut koronautgiftene.

Sosiale tenester har eit mindreforbruk på kr. 1 300 000. Dette skuldast primært mindre utbetalt kvalifiseringsstønad og sosialhjelp enn budsjettert. Korona gav ikkje auke i sosialhjelpbetaling i 2020. Det har ikkje vore nevneverdige kostnader knytt til korona i avdelinga.

Barnevern har eit samla meirforbruk på ca 900 000. Det har vore mindre kjøp av hjelpetiltak i heimen enn budsjettert, men større utgifter til forsterheimar. Differansen skuldast feilbudsjettering, og er korrigert i budsjett for 2021. Det har ikkje vore nevneverdige kostnader knytt til korona i avdelinga.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Stryn 2019	Stryn 2020	Stad	Gloppen	Kostragruppe 01	Vestland	Landet uten Oslo
Prioritet							
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244)	32,5 %	35,4 %	40,7 %	41,4 %	34,2 %	30,7 %	32,0 %
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak	205 093	157 500	147 404	144 978	188 981	237 790	215 728
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	7 032	5 267	6 762	5 053	10 055	10 655	10 415
Produktivitet							
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	17,3	17,6	17,5	14,5	17,8	15,5	17,5
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger	0,2	0,1	0,3	0,9	0,5	0,4	0,5
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak	148 315	106 692	119 872	112 244	150 542	180 228	170 361
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 256 576	1 244 212	1 003 356	1 335 667	1 264 770	1 200 981	1 292 601
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+plo)	2,8	2,8	7,0	8,5	1,0	5,4	4,9
Dekningsgrad							
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,5 %	2,3 %	2,9 %	2,2 %	3,2 %	2,7 %	2,9 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	3,9 %	3,2 %	3,4 %	1,9 %	4,8 %	3,9 %	4,6 %
Kvalitet							
Gjennomsnittlig listelengde	649,0	623,0	814,0	816,0	953,0	1 013,0	1 033,0
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	3,8	3,9	4,1	3,9	5,1	4,9	5,3
Andre nøkkeltall							
Flyktninger - Faktisk bosetting - Prosent av anmodning	75,0 %						
Flyktninger - Vedtak om bosetting - Prosent av anmodning	100,0 %						

Prioritet:

Stryn ligg noko over landsgjennomsnittet og Vestland fylke men under nabokommunane når det gjeld utgifter til saksbehandling i barnevern. Andelen har stege frå i fjor. Hovudårsakene til dette er at i dette talet ligg prosesskostnadar ved barnevernssaker (advokat, sakkunnig m.m.) som trekker opp, samt tilføring av 0,5 stilling i 2020.

Netto driftsutgifter pr. barn med barnevernstiltak ligg Stryn under både Vestland fylke, landet utan Oslo og kostragrupp 01. Stryn kommune har historisk sett hatt relativt få barn med omsorgsovertakelsesvedtak (funksjon 252). Tiltak utanfor heimen er meir kostbare enn tiltak i heimen (funksjon 251). Talet er lavare i år enn i fjor. Dette fordi vi har nytta mindre kjøp av dyre hjelpetiltak i 2020 enn i 2019.

Stryn har lavare netto driftsutgifter pr. innbyggjar 0-17 år enn gruppene vi samanliknar oss med. Dette fordi Stryn har relativt få barn med barnevernstiltak sett i høve alle barna som bur i kommunen. Det gjenspeglar også at dei borna som har tiltak har primært hjelpetiltak i heimen, noko som held kostnaden nede framfor omsorgsovertaking. Talet er redusert frå 2019 av same årsak som nemnt over.

Produktivitet:

Tal barn med undersøkelse eller tiltak pr. årsverk er på same nivå som kostragrupp 01 og landet utan Oslo, Vestland har færre undersøkelsar/tiltak pr. årsverk enn Stryn.

Når det gjeld tiltak ligg Stryn under alle vi samanliknar oss med. Vi har redusert kostnaden frå 2019 til 2020. Dette med bakgrunn i at vi ikkje har kjøpt hjelpetiltak frå private i same omfang som året før.

Stryn ligg på nivå med dei vi samanliknar oss med når det gjeld brutto driftsutgifter institusjon pr. kommunal plass.

Stryn har lavt tal psykiatriske sjukepleiarar sett i høve til gruppene vi samanliknar oss med, forutan kostragruppe 01.

Dekningsgrad:

Stryn har færre barn med barnevernstiltak pr. inngbyggjar enn dei vi samanliknar oss med, berre nobokommunen Gloppen ligg noko under.

Kvalitet:

Fastegane i Stryn har færre pasientar på lista si enn dei vi samanliknar oss med. Det må her nemnast at fleire av legane har kommunale deltidsstillingar (tilsynslege, helsestasjonslege m.m.), i tillegg har dei fleste vakter ved interkommunal legevakt. Dette går ikkje fram av kostratallet.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskrivelse
Nye tiltak		
Veilederen.no	0	Ferdig Nytt avsette midlar
Alarmsystem Vikane omsorgsenter, Reedbakken	50	Ferdig Alarmer installert
Auke 0,12 stilling LIS1 rettleiar	96	Ferdig sett i verk 01.02.20
Utstyr legevaktbil, daglegevakt Stryn	120	Ikke startet avventar til løysing for ny bil er på plass
50 % stilling flyktingtenesta	289	Ferdig Tilsett miljøterapeut frå august 2020
Flyktingtenesta auke med 0,5 % stilling	300	Ferdig Tilsett miljøterapeut frå august 2020
Auke 0,5 stilling heimesjukepleien Vikane	419	Ferdig Tilsett ekstra ressurs våren 2020

Årsmelding 2020

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år	Status	Beskrivelse
	1		
Sum	1 274		
Sum tiltak	1 274		

Veilederen.no er eit digitalt vertkøy for internkontroll, her under e-læringskurs og oppdateringar innan lovverket. Kostnaden på abonnementet vart dekkja gjennom bruk av øyremerka midlar frå tidlegare år.

Alarmsystem Vikane omsorgsenter er ferdig installert.

Auke i stilling for LIS1 rettleiar har vore ein stor suksess. Både rettleier sjølv, dei andre legane og ikkje minst turnuslegane er svært fornøgdde med dette. Det kan vist seg å vere gunstig med tanke på seinare rekruttering av LIS1-legar.

Utstyr legevaktbil står på vent. Vi må få på plass finansiering av evt. leasing eller kjøp av legevaktbil i betre stand.

Det vart tilsett miljøterapeut i flyktningtenesta i august 2020.

Auke i heimesjukepleie i Vikane vart fordelt med 20% meir administrasjonstid til avdelingsleiar og 30% til styrking av vaktplanen for tenesteyting i heimesjukepleia.

Sjukefråvær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årleg sjukefråvær 2019	2,00 %	6,49 %	8,49 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,39 %	7,11 %	9,50 %

Einingane med turnusarbeidsplassar har høgt sjukefråvær. Det er aktiv innsats innan oppfølgingsarbeid og tilrettelegging, men det viser seg vanskeleg å redusere sjukefråværet. Stryn omsorgsenter har særleg høgt sjukefråvær.

Vikarpoolen skal vere til hjelp ved sjukefråvær. Både med tanke på å ha kjender arbeidstakar som vikarar, noko som er positivt både for arbeidsmiljø og kvalitet på tenestene, men også for å redusere innleige. Vikarpoolen vert brukt fullt ut, men vi ser den likevel ikkje strekk til med tanke på å fylle alt fårværet. Det vert difor jobba med analyser på om det vil vere behov for å utvide poolen. Det er likevel meir ynskjeleg å greie å redusere sjukefråværet.

Teknisk

Tenesteområdebeskriving

Teknisk drift

Omfattar administrativ leiing, sakshandsaming. Kontroller funksjon, økonomi teknisk etat. Administrative støttfunksjonar. Kommunale gebyr. Løn og personalsaker for etaten.

Kart og oppmåling

Omfattar arbeidsoppgåvene: utskrivning av eigedomsskatt, arbeid etter matrikkellova, vedlikehald/redigering av kart, oppmåling, sal av kommunale bustadtomter, tinglysing og adressering.

Byggsaker og regulering

Avdeling for byggjesak og regulering utfører bl.a. følgjande arbeidsoppgåver; Sakshandsaming, tilsyn i byggjesaker, føring av statistikk og føring av matrikkel.

Brann- og ulykkesvern

Avdeling brann, feiing og redning drive med beredskap og førebygging av brann. Avdelinga er delt i to: Beredskap og førebygging.

Beredskap : Vi er fordelt på 3 brannstasjonar (Stryn, Olden, Utvik).

Førebyggande avdeling (Branninspektør og Brannforebyggerar)

Tilsyn i spesielle objekt som f.eks hotel, skular, fabrikkar. Kort sagt bygningar med aktivitet som har stor økonomisk verdi, eller fare for tap av mange liv i tilfelle brann. Branninspektøren driver også med ein del nasjonale aksjonar , utsette grupper i brann, skuleundervisning i 6 klasse.

Feiing av skorsteinar i alle typar bygningar, samt tilsyn i bustadhus og hytter /ferie / fritidhus. I 2020 vart tittelen feiar endra nasjonalt. Feiaren er historie, no er det Brannforebygger. Men arbeidsoppgåvene er dei same.

Kommunalteknikk

Arbeidsoppgåver - drift og vedlikehald veg og veglys, VA-anlegg inkl. overvatn, parkar, grøntanlegg og plassar, sakshandsaming, oppfølging renovasjon, gjennomføring av anbodskonkurransar og oppfølging av entreprenørar

Arbeidsoppgåver anlegg og prosjekt - planlegge, prosjektere og gjennomføre prosjekt, gjennomføre eksternt planlagde prosjekt, innhente anbod, anleggsleiing teknisk/økonomisk av anlegg og prosjekt

Utvikling og utfordringar

Kart og oppmåling

Fortsetje arbeidet med å få vegadresser på dei siste vegane som manglar namn, samt fullføre skilting av vegnamna.

Få digitale løysingar som kan hjelpe publikum å finne informasjon dei treng om sin eigedom eller data dei treng ved bygge- og frådelingssøknader, sal av eigedom og reguleringsplanarbeid. Dette vert gjort både for å lette arbeidet til avdelingane, men også for å ha eit tilbod/tenester heile døgnet til publikum. Utfordringar: få publikum til å ta i bruk desse tenestene og å lage løysingar som er lette og sjølvforklarande å bruke.

Kvalitetssikre matrikkel og kart.

Kartet i fjellområder i kommunen har dårleg kvalitet og fullstendighet. Etter omløpsfotografering i 2023 bør ein prioritere å få konstruert nye kart ut frå omløpsfoto.

Kommunen må ha ein autorisert eigedomslandmålar innan 01.01.2024.

Byggsaker og regulering

Innføring av Acos Eigedom. Programvare som sikrar likare handsaming av byggjesøknadar. Arbeide for at profesjonelle søkjarar nyttar digital byggjesøknad.

Brann- og ulykkesvern

Det gode "gamle" brannvesenet som tidlegare reiste ut for å sløkje ein brann, er etterkvart blitt eit moderne brann og redningsvesen. Dette fører til at brannvesenet skal kunne stille på det meste av hendingar. Og det blir forventa at vi er forberede på det meste både i forhold til utstyr, og i forhold til kunnskap. Og ikkje minst skal HMS i forhold til mannskap og utstyr være oppfylt.

Det er også begynde å bli utfordrande at det blir mindre helse (ambulanse) og politi tilgjengelege ute på bygdene. Noko som gjer til at brannvesenet blir kalla ut på mange fleire oppgåver, som vi nødvendigvis ikkje er 100 % rusta til. Vi blir benytta ein del ved hjerteproblem, når ambulansen er langt vekke. Vi har også vore utkalla på Politioppdrag.

Vi har laga ei oversikt over antall øvingar og anna opplæring som både er påkrevd, og som bør vere pga HMS `en. Men skal vi klare dette må budsjett for øvingar aukast kraftig..

Stryn brannvesen har også fått pålegg frå Arbeidstilsynet angående kjemisk helsevern. Sidan vi ikkje har tomt og konkrete planar for brannstasjonar. Har vi måtte gå for midlertidige tiltak. Pålegget går på reine og skitne soner, manglande garderobeforhold, vask av kle og utstyr.

Kommunalteknikk

KDPL for vassforsyning vedteken 2020, peikar på trong for sikring/klausulering av vasskjelder, oppgradering av vassverk og rehabilitering av ledningsanlegg. Mattilsynet har sett krav til at kommunen

utarbeider plan for rehabilitering av spesielt ledningsanlegg med heimel i drikkevassforskrifta. Frist 31.12.2021.

Arbeid med KDPL for avløp syner stort etterslep på vedlikehald av ledningsanlegg og tilsyn med avløp i kap. 12 og kap. 13 (forureiningsforskrifta). Kommunen vil få pålegg om nytt fullrenseanlegg for avløp i Loen, kostnad over 120 MNOK.

Politisk press for å få på plass fleire bustadfelt og industriområder set avdelinga under press med omsyn til kapasitet.

Kommunen har mange dårlege kommunale vegar og stor trong for utbetring/investering.

Viktige hendingar

Kart og oppmåling

- Vegadresser i kommunen er auka frå 83,5 % til 90,4 % i 2020. Mange av vegnamna er skilta.
- Sjølbetjening - tenesta **MinEiendom** der eigarar kan få opplysningar om kommunale avgifter m.m. er innført

Byggsaker og regulering

- Vedtak om to nye faste stillingar på avdelinga (1 avd.ingeniør byggesak og 1 avd. ingeniør regulering).

Godkjente detaljreguleringsplanar i 2019

- Reguleringsendring av IL1 innanfor reg.endring for Morskogen (næringsareal)
- Masseuttak Brynestad
- Videfossen utviklingspunkt
- Indrebøen (bustadfelt for fleirmannsbustadar)

Brann- og ulykkesvern

2020 var eit utfordrande år på mange måtar. Men i løpet av den "lettaste " tida i forhold til Korona epedemien fekk vi gjennomført.

- Alle i brannvesenet gjennomførte kurset "Akutthjelper" i regi av Norsk luftambulansse. Dette er eit kurs på 8 timar som gir oss utvida kompetanse innan førstehjelp, og hjertestans. I kurset ligg der ein utstyrspakke til kvar brannstasjon, med bl.anna. hjertestartar og oksygenflaske.
- Røykdykkarane gjennomførte obligatoriske "varme dykk" i Måløy.
- 2 brannmannskap gjennomførte grunnkurs i regi av Sogn og Fjordane brannbefalslag. Kurset er obligatorisk for alle brannmannskap.
- Feiaren som er under opplæring (Vaksen lærlingen) har vore på Norges brannskule i Tjeldsund for å gjennomføre den teoretiske opplæringa. Kurset er gjennomført og bestått.
- Brannvesenet har fått pålegg angående arbeidsmiljøet til brannmannskap. Eit pålegg som utløyser store og kostbare bygningsmessige endringer. Brannsjef ønskte derfor å avklare om

dagens plassering av brannstasjonar er riktig, før arbeidet med brannstasjonane starta. Brannsjef presenterte kva krav som gjeld i forhold til dimensjoneringsforskrifta, og kva som må til for å støtte desse krava. Denne prosessen vart gjennomført politisk, og dagens plassering av brannstasjonane er vedtatt.

- På brannstasjonen i Stryn vart det i 2020 montert inn brakker, og laga til betre garderobar som ei midlertidig løysing for å oppfylle pålegg frå Arbeidstilsynet angående reine og skitne soner, og kjemisk helsevern. Dette pålegget er oppfylt, einaste som står at er ventilasjon på kontordelen på brannstasjonen. Dette skal gjerast i løpet av starten av 2021. MEN dispensasjonen frå Arbeidstilsynet går ut 01.02.2022, då blir det nye dagmulktar, om vi ikkje har på plass noko varigt.

Kommunalteknikk

Med hjelp av Korona-midlar fekk kommunalteknikk gjennomført utskifting av veglys som ikkje lenger er muleg å få deler til, kostnad kr 1mill.

Statens vegvesen gjennomførte reasfaltering av miljøgata gjennom sentrum der kommunen samstundes fekk skifta ut alle kumlok som hadde stor slitasje. Gamal asfalt vart fresa opp og kommunen fekk denne til bruk på ca. 930 meter kommunal veg som alternativ til nyasfaltering.

Arbeidet med utbetring og forsterkning av dammen ved Holevatnet er ferdig. Arbeidet vart starta i 2019 og avslutta i 2020. Det gjenstår rettingsarbeid for flaumløp.

Det er installert nytt sentralt styringsanlegg for vatn og avløp (SD-anlegg) i 2020. Arbeidet med installasjon og montering vart starta i 2019 og avslutta i 2020. SD-anlegget gjev betre styring og kontroll med kommunale vass- og avløpsanlegg.

Status økonomi

Beløp i 1000

Tenestoområde	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
40-Teknisk drift	1 012	1 087	1 066	-21	-1,9 %
41-Kart og oppmåling	2 052	2 144	1 947	-197	-10,1 %
42-Byggsaker og regulering	1 235	1 239	1 124	-115	-10,2 %
43-Brann- og ulykkesvern	6 981	6 626	6 853	226	3,3 %
44-Kommunalteknikk	16 960	12 691	13 281	590	4,4 %
Sum	28 241	23 788	24 272	484	2,0 %

Kommentar til status økonomi

Kart og oppmåling

Det har vore eit overforbruk på kr 197 048. 77 124 kr er prosjektmidlar som vart tildelt for innføring av eTorg og MinEiendom, midlane er ikkje ført som inntekt på Kart og oppmåling. Det faktiske overforbruket skyldast i hovudsak utgifter til advokathjelp og skilting av vegnamn.

Byggsaker og regulering

Totalt 114 772,- avvik i budsjett i hovudsak som følgje av innleige av vikariat/engasjement.

Brann- og ulykkesvern

Noko høgt driftsfond for feiing. Mindreforbruk for spesielt brannsyn pga Covid19 (mindre aktivitet).

I 2020 er det ikkje gjennomført tilstrekkeleg med øvingar for å tilfredstille HMS forskriftene pga Covid19 noko som medfører mindreforbruk.

IUA Nordfjord v/ Stryn kommune overtok i 2020 ein båt frå Kysteverket.

Kommunalteknikk

Avdeling for kommunalteknikk viser eit årsresultat med overskot på ca. 590.000,-. Dette utgjer ca. 4,4 % av budsjettet. Lite snø og lite brøyting gjev eit lite overskot på kommunale vegar som er det største budsjettposten på kommunalteknikk

Oppsummering tiltak

Mindreforbruk på 1,8% som tilsvarar kr 443083,- Måltall 1,75%.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Stryn 2019	Stryn 2020	Stad	Gloppen	Kostragruppe 01	Vestland	Landet uten Oslo
Prioritet							
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,14	0,14	0,11	0,34	0,40	0,31	0,33
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	8,6	7,7	14,5	7,5	13,4	11,5	15,4
Beredskap mot branner og andre ulykker korrigererte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	1 085	1 094	778	1 121	677	905	829
Forebygging av branner og andre ulykker brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	297	346	233	290	282	222	254
Kommunale vei er brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	2,5 %	2,3 %	2,0 %	2,0 %	1,5 %	1,6 %	1,6 %
Kommunale vei er brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	2 366	2 267	1 910	2 119	1 339	1 384	1 401
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B)	1 052	1 033	789	1 138	888	930	880
Produktivitet							
Avløp - Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	2 618	2 618	4 254	3 650	4 576	3 759	4 321
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	111 728	107 560	101 536	109 368	116 159	171 070	171 675
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	3 988	3 988	4 880	2 858	3 645	4 212	3 881
Kvalitet							
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1)	368	368	576	1 352	499	544	487

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskrivelse
Nye tiltak		
88025 2 pipekamera feiing	0	Ferdig Fekk kun kjøpt 1kamera pga pris.
40011 Sommarstudentar frå NTNU - Forskningsprosjekt (Wild Waters)	50	Ikke startet Blei ikkje noko av, pga korona.
Driftskostnader Per Bolstad Plass	50	Ferdig Innarbeidd i budsjett.
Vegvedlikehald Maursetvegen	70	Ferdig Innarbeidd i budsjett.
86056 Revurdering av kommunale vegar	100	I arbeid Det blir arbeidd med førebuing av sak til politisk handsaming.
Sum	270	
Sum tiltak	270	

Sjukefråvær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årleg sjukefråvær 2019	1,32 %	2,37 %	3,68 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,28 %	0,48 %	1,76 %

Sjukefråværet i perioden 1.jan.2020 til 31.des.2020 var stabilt lågt, samla for året 1,76%. Målet med nærværsfaktor på 94% er nådd. Teknisk etat har hatt stabilt lågt sjukefråvær over tid.

Status investeringsprosjekt

Investeringar Sentraladministrasjonen

Beløp i 1000

	Rev.bud	Rekneskap	Status	Kommentar
16033: Vikane - vaktmeisterbil	180	205	Ferdig	Kjøp bruktbil
16035-EPC Alt:2	8 000	7 046	Iht. plan	EPC-prosjektet går etter planen så langt. Planen er å avslutte tiltaka ved utgangen av 2021. P.g.a corona er det litt usikkert om ein får halde framdriftsplanen ved Vikane oms.senter p.g.a tilgong.
22095:Stryn vaksenopplæringsssenter	16 000	16 798	Ferdig	Prosjektet vart avslutta til tidsfristen, og ferdigattest utskrive 08.05.20.
22101: Barnehage-Loen	5 600	0	Utsett	
22105: Olden skule- oppgradering gymsal	500	456	Ferdig	Prosjektet vart ferdigstilt til avtalt tid, og innafor kostnadsråma.
22107: Parkering Nordsida skule/bh med utbetring veg	800	346		
24020 Tonning barnehage - Uteareal (oppgradering overvassystem)	550	569		Prosjektet vart ferdigstilt rett før oppstart av barnehagen etter sommarferien. Innafor kostnadsråma.
34091 Vikane omsorgssenter - rehabilitering	50 000	315	Iht. plan	Prosjektet er under arbeid med teikning og prosjektering. Vi har fått tilsagn frå Husbanken, og rammesøknad er sendt, samt søknad til Arbeidstilsynet.
34092 Vikane omsorgssenter - Nye dører legekontor - lydisolasjon	100	67	Ferdig	Ferdigstilt innanfor råme

Investeringar Teknisk

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

	Rev.bud	Rekneskap	Status	Kommentar
40009 Nykartlegging - ajourføring heile kommunen (flyfotokart)	500	500	Ferdig	Planlagt levering av flyfoto og kartdata er juni 2021. På grunn av feil stipulert inntekt på partskonto hjå kartverket må vi finansiere ca. 180.000 kr til dette prosjektet i 2022.
46199 Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus	2 350	162	Forsinka	Forventa operativt seint 2021
46207 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2020	1 500	1 500	Ferdig	
46209 Bygging veg med fortau Solvik - Leite	16 000	711	Forsinka	Prosjektering og grunninnløyising
46210 Forskottering gangveg Loen - Solvik	12 800	405	Utgår	Erstatta med delfinansiering 50/50
48023 2 nye feiebilal 2020	1 525	1 394	Ferdig	
48029 Midlertidig tiltak brannstasjonar	3 300	3 124	Iht Plan	Prosjektet er nesten fullført, står igjen noko ventilasjon på kontordelen på brannstasjonen.
44076 Storesunde Nymark VA	5 750	476	Forsinka	Forventa operativt seint 2021
44077 Ombygging Tyva vassverk - Ny grunnvassbrønn	0	0	Forsinka	kapasitetsmåling og manglande klausulering
44078 Kartlegging og tilstandsvurdering av leidningsnett i Stryn sentrum	200	64	Iht Plan	Oppstarta
45074 Utbetring av skader - utsleppslinjer kloakk	400	128	Forsinka	Forventa ferdig vår 2021
48028 Tømestasjon Stryn sentrum - oppgradering	250	171	Forsinka	Forventa ferdig vår 2021
45075 Utbetring av lekkasje overvasssystem gbnr 58/44, Kreklingen	0	0	Forsinka	Planlagt utført i lag med Geilevegen

Årsmelding 2020

44058 Reservevassforsyning Stryn og Loen	3 200	46	Ferdig	Sluttrapport godkjend i K-sak 054/20
44063 Reperasjon av Dam Holveatn	8 600	5 802	Forsinka	Ferdigstilling av flaumløp gjenstår
44067 Gategods Miljøgata Rv15	400	339	Ferdig	Sluttrapport godkjend i K-sak 005/21
45064 OV-grøft frå Bøahagen til Stryneelva	2 800	4 148	Ferdig	
46215 Fortau Setrevegen -(Frå Steigane til Markevegen)	314	2	Ferdig	Sluttrapport godkjend i K-sak 043/20
46218 Dam Langesetvatnet	500	51	Forsinka	Kommunestyret utsette oppstart
46220 Stryn MNP - Oppgradering av Skarsmyrvegen	7 300	14 744	Forsinka	Forventa ferdig vår 2021

Årsrekneskap

§5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

Årsmelding 2020

Beløp i 1000

	Note	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Regnskap 2019
Rammetilskudd		-267 238	-251 768	-228 268	-251 933
Inntekts- og formuesskatt		-188 693	-194 254	-217 754	-190 496
Eiendomsskatt		-17 955	-17 796	-17 796	-17 658
Andre generelle driftsinntekter		-22 821	-22 745	-22 745	-19 621
Sum generelle driftsinntekter		-496 706	-486 563	-486 563	-479 708
Korrigert sum bevilgninger drift, netto		465 866	460 223	458 272	473 169
Avskrivninger	7,12	27 830	27 505	27 505	24 728
Sum netto driftsutgifter		493 696	487 728	485 778	497 897
Brutto driftsresultat		-3 010	1 164	-786	18 189
Renteinntekter	14	-4 560	-5 772	-5 622	-7 023
Utbytter	5	-2 059	-2 500	-2 500	-2 753
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	14	-215	-786	-786	-307
Renteutgifter	7,16	9 593	10 980	10 980	11 535
Avdrag på lån	7,12,16	24 158	24 158	24 158	23 826
Netto finansutgifter		26 917	26 079	26 230	25 278
Motpost avskrivninger	7,12	-27 830	-27 505	-27 505	-24 728
Netto driftsresultat		-3 923	-262	-2 062	18 740

Årsmelding 2020

Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	13	2 065	2 193	2 093	2 559
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	6	6 580	-5 091	-4 991	-4 834
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	6	-4 722	3 159	4 959	-20 435
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet		0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat		3 923	262	2 062	-22 710
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)		0	0	0	-3 971

§5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)

Beløp i 1000

	Note	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Regnskap 2019
Sentraladministrasjon		85 078	81 033	81 877	92 714
Skule og kultur		177 439	178 921	178 786	174 585
Helse og sosial		198 125	188 630	188 403	184 433
Teknisk		23 788	24 272	23 643	28 241
Skattar, rammetilskot og finans		-11 185	-15 389	-15 392	-9 030
Revisjon		0	0	0	0
Sum bevilgninger drift, netto		473 245	457 467	457 316	470 942
Herav:					
Avskrivinger	12	8 181	7 791	7 791	26 389
Netto renteutgifter og -inntekter	16	-33	-152	-152	-161
Overføring til investering	13	100	100	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	6	2 561	-5 091	-4 991	-4 834
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	6	-3 431	-5 404	-3 604	-23 621
Korrigert sum bevilgninger drift, netto		465 866	460 223	458 272	473 169

§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)

Årsmelding 2020

Beløp i 1000

	Note	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Regnskap 2019
Investeringer i varige driftsmidler	13	68 629	78 045	78 045	85 823
Tilskudd til andres investeringer	13	0	0	0	59
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	5	1 556	1 673	1 673	1 670
Utlån av egne midler	7	400	7 000	7 000	2 200
Avdrag på lån	7	1 880	2 000	2 000	1 347
Sum investeringsutgifter		72 466	88 718	88 718	91 100
Kompensasjon for merverdiavgift		-9 127	0	0	-6 595
Tilskudd fra andre	5	-4 291	501	501	-6 222
Salg av varige driftsmidler	7	-8 475	-200	-200	-6 953
Salg av finansielle anleggsmidler	7	0	0	0	-4 200
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	7	-6 259	0	0	-108
Bruk av lån	7	-68 529	-81 570	-81 570	-67 623
Sum investeringsinntekter		-96 680	-81 269	-81 269	-91 702
Videreutlån	7	13 041	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	7	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	7	-1 689	-2 000	-2 000	-1 414
Netto utgifter videreutlån		11 352	-2 000	-2 000	-1 414
Overføring fra drift	13	-2 065	-940	-940	-2 559
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	6	1 313	163	163	1 295

Årsmelding 2020

Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	1 023	-4 672	-4 672	8 074
Dekning av tidligere års udekket beløp	12 591	0	0	4 035
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	12 862	-5 449	-5 449	10 845
Fremført til inndeckning i senere år (udekket)	0	0	0	8 828

Årsmelding 2020

1. Investeringer i varige driftsmidler

Beløp i 1000

	Note	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Regnskap 2019
Sentraladministrasjon					
Sentraladministrasjon		36 103	26 130	26 130	22 776
Sum		36 103	26 130	26 130	22 776
Sentraladministrasjon					
Skule og kultur					
Skule og kultur		61	0	0	37
Sum Skule og kultur		61	0	0	37
Teknisk					
Teknisk		32 015	51 915	51 915	61 682
Sum Teknisk		32 015	51 915	51 915	61 682
Skattar, rammetilskot og finans					
Skattar, rammetilskot og finans		450	0	0	1 329
Sum Skattar, rammetilskot og finans		450	0	0	1 329
Investeringer i varige driftsmidler		68 629	78 045	78 045	85 823

Del 2 Tilskudd til andres investeringer

Beløp i 1000

	Note	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Regnskap 2019
VEG, VATN, KLOAKK - NÆRINGSOMR. VISNES		0	0	0	59
Tilskudd til andres investeringer		0	0	0	59

Del 3 Investeringer i aksjer og andeler

Beløp i 1000

	Note	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Regnskap 2019
EIGENKAPITALINSKOT KLP		1 456	1 573	1 573	1 496
KJØP OG SALG AV AKSJAR OG ANDELAR		0	0	0	175
KJØP AV AKSJAR I INVIRO A/S		100	100	100	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper		1 556	1 673	1 673	1 670

Del 4 Utlån

Beløp i 1000

	Note	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Regnskap 2019
FORMIDLINGSLÅN HUSBANKEN- ETABLERINGSLÅN		0	7 000	7 000	0
KJØP OG SALG AV AKSJAR OG ANDELAR		0	0	0	2 200
Utlån		400	0	0	0
Utlån av egne midler		400	7 000	7 000	2 200
Sum del 1-4		70 585	86 718	86 718	89 753

§5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

Årsmelding 2020

Beløp i 1000

	Note	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Regnskap 2019
Rammetilskudd		-267 238	-251 768	-228 268	-251 933
Inntekts- og formuesskatt		-188 693	-194 254	-217 754	-190 496
Eiendomsskatt		-17 955	-17 796	-17 796	-17 658
Andre skatteinntekter		-36	-33	-33	-32
Andre overføringer og tilskudd fra staten		-22 785	-23 000	-23 000	-19 724
Overføringer og tilskudd fra andre		-83 962	-54 604	-49 104	-79 246
Brukerbetalinger		-24 309	-24 737	-24 737	-24 441
Salgs- og leieinntekter		-78 157	-90 297	-90 228	-51 332
Sum driftsinntekter		-683 133	-656 489	-650 920	-634 862
Lønnsutgifter	21	375 326	355 385	354 542	364 454
Sosiale utgifter	2	73 297	65 531	65 291	83 738
Kjøp av varer og tjenester		155 924	167 795	164 096	128 622
Overføringer og tilskudd til andre		47 747	41 437	38 700	51 510
Avskrivninger	12	27 830	27 505	27 505	24 728
Sum driftsutgifter		680 124	657 653	650 134	653 052
Brutto driftsresultat		-3 010	1 164	-786	18 189
Renteinntekter		-4 560	-5 772	-5 622	-7 023
Utbytter		-2 059	-2 500	-2 500	-2 753
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	14	-215	-786	-786	-307
Renteutgifter	16	9 593	10 980	10 980	11 535
Avdrag på lån	16	24 158	24 158	24 158	23 826
Netto finansutgifter		26 917	26 079	26 230	25 278
Motpost avskrivninger	12	-27 830	-27 505	-27 505	-24 728
Netto driftsresultat		-3 923	-262	-2 062	18 740
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering		2 065	2 193	2 093	2 559

Årsmelding 2020

Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	6	6 580	-5 091	-4 991	-4 834
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	6	-4 722	3 159	4 959	-20 435
Dekning av tidligere års merforbruk	18	0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat		3 923	262	2 062	-22 710
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)		0	0	0	-3 971

Note 1 Endring i arbeidskapital

Note 1 Endring i arbeidskapital

Balanserekneskapet :	31.12.2020	31.12.2019
Endring Betalingsmidlar	kr 1 929 908	kr 33 924 457
Endring lhendehavarobl. og sertifikat	kr 1 005 247	kr -37 716 723
Endring Kortsiktige fordringar	kr 1 418 474	kr -12 923 668
Endring Premieawik	kr 6 642 281	kr 3 746 850
Endring Aksjar og andelar	kr 428 163	kr 307 413
2.1 Endring Omløpsmidlar	kr 11 424 073	kr -12 661 671
2.3 Endring Kortsiktig gjeld	kr 4 361 633	kr -1 657 610
Arbeidskapital	kr 15 785 706	kr -14 319 281

Drifts- og investeringsrekneskapet :	Beløp	Sum
Anskaffelse av midler :		
Inntekter driftsrekneskap	kr 683 104 552	
Inntekter investeringsrekneskap	kr 21 892 551	
Innbet.ved eksterne finanstransaksjonar	kr 83 339 233	
Sum	kr 788 336 336	kr 788 336 336

Bruk av midlar :		
Utgifter driftsrekneskap	kr 651 530 643	
Utgifter investeringsrekneskap	kr 68 179 010	
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar	kr 51 841 752	
Sum	kr 771 551 405	kr 771 551 405

Anskaffelse - bruk av midlar **kr 16 784 931**

Endring unytta lånemidlar (auke +/-reduksjon-)	kr -999 225
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK i drift	kr 188
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK i	kr -
Endring arbeidskapital i drifts-og investeringsrekneskap	kr 15 785 894

Endring	kr 15 785 706
Differanse	kr 188

Forklaring til differanse i arb.kapital :

Korreksjon etter avtale med revisjon	kr 188
	kr -
	kr -
	kr 188
	kr 188

Note 2 Pensjon

Generelt om pensjonsordningane i kommunen

Kommunen har kollektive pensjonsforsikringar for sine tilsette i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK).

Tilsette som er i kommunen si teneste ved fylde 62 år har rett til avtalefesta pensjon (AFP) etter bestemte reglar. AFP er fullt ut kommunen sin kostnad. AFP for 62-64 år er 50 % forsikringsmessig dekket. Dette gir ei utjamning av årleg rekneskapsførd kostnad for denne ordninga. Det er ikkje sett av fond til dekking av framtidige AFP-pensjonar.

Rekneskapsføring av pensjon

Etter forskrifta skal driftsrekneskapet belastast med pensjonskostnader som er berekna ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapet med tilbakeføring igjen neste år.

Bestemmelsene innbærer også at berekna pensjonsmidler og pensjonsplikter er oppførde i balansen som høvesvis anleggsmiddel og langsiktig gjeld.

Årsmelding 2020

Alle tal i heile 1000
Inntekts- og gjeldspostar vist med -

Pensjonsordning	KLP	SPK	SUM	Arb.avg.
PENSJONSKOSTNAD				
Netto pensj.kostn (inkl.adm.) iht.aktuar	29 649 797	7 913 481	37 563 278	3 981 707
- Årets pensjonspremie (jf aktuarberegning)	37 068 846	7 803 205	44 872 051	4 756 437
= Årets premieavvik	-7 419 049	110 276	-7 308 773	-774 730
Årets betalte pensjonspremie iht.regnsk.				
Årets premieavvik (se spes.nedenfor)	-7 419 049	110 276	-7 308 773	-774 730
Resultatført 1/1 av tidl.års premieavvik	2 553 362	-716 781	1 836 581	194 678
= Pensjonskostnad i regnskapet	-4 865 687	-606 505	-5 472 192	-580 052

Pensjonsordning	KLP	SPK	SUM	Arb.avg.
AKKUMULERT PREMIEAVVIK				
Akkumulert 01.01.	-	-	-	-
+/- Premieavvik for året	-	-	-	-
-/+ Resultatført 1/1 av tidl.års premieavvik	-	-	-	-
= Akkumulert premieavvik 31.12. (*1)	-	-	-	-
Av dette oppført under omløpsmiddel:	-	-	-	-
Av dette oppført under kortsiktig gjeld:	-	-	-	-

MIDLAR OG FORPLIKTINGAR	KLP		SPK		SUM		Netto forplikt.
	Pensj.-midlar	Pensj.-forpl.	Pensj.-midlar	Pensj.-forpl.	Pensj.-midlar	Pensj.-forpl.	
Faktisk (akt.beregn.full amort) 31.12.	-674 890	-677 215	-105 382	-122 076	-780 272	-799 292	-1 579 564
Iht regnskap pr 31.12.	-674 890	-677 215	-105 382	-122 076	-780 272	-799 292	-1 579 564
